



**DET KONGELIGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT**

Ifølge liste

Deres ref

Vår ref

Dato

17/1212-4

09.05.2017

Videre arbeid med grenseendringer

Vi viser til brev 3. mars 2017 med informasjon om videre prosess for kommuner som skal slå seg sammen. Departementet varslet at vi ville komme tilbake med et nytt brev etter fremleggelsen av proposisjon om endringer i kommunestrukturen med informasjon om bl.a. hvordan prosessene med grensejusteringer vil bli lagt opp.

Grensejusteringer

Departementet har tidligere formidlet til fylkesmennene at utredninger og vedtak om grensejusteringer skulle avvente kommunenes vedtak og avklaringer av hvilke kommuner som skal slås sammen i kommunereformen.

Prop. 96 S (2016–2017) *Endringer i kommunestrukturen* ble fremmet 5. april. Vedtak om sammenslåinger fattes når Stortinget behandler proposisjonen 8. juni. I proposisjonen skriver departementet følgende om grensejusteringer:

Det har kommet flere ønsker og formelle innbyggerinitiativ om justeringer av dagens kommunegrenser. Fylkesmennene har også i sine tilrådinger selv foreslått enkelte grensejusteringer. Etter inndelingsloven § 6 har departementet myndighet til å avgjøre saker om grensejusteringer mellom kommuner.

Etter Stortingets behandling av proposisjonen vil departementet i dialog med fylkesmennene følge opp aktuelle initiativ om grensejusteringer, jf. inndelingsloven § 8. Det vil være ønskelig og hensiktsmessig at grensejusteringer i tilknytning til en sammenslåing iverksettes på samme tidspunkt som sammenslåingen, senest innen 1. januar 2020.

Igangsetting av arbeid med grensejusteringer

Det er tradisjonelt skilt mellom tre typer grensejusteringer: 1) mindre saker med enighet blant de berørte kommunene, 2) mindre saker uten enighet blant de berørte kommunene, og 3) større saker. Som følge av reformen er det nå også hensiktsmessig å skille ut grensejusteringssaker som involverer kommuner som skal slås sammen.

I rundskriv til inndelingslova H – 10/15 (oppdatert mars 2017) punkt 2.1.4 fremgår det at hva som er en "mindre sak" må vurderes i hvert enkelt tilfelle, og at antall innbyggere og størrelsen på det aktuelle området vil være viktige vurderingskriterier.

I mindre saker hvor det er enighet mellom kommunene og saken ikke berører en fylkesgrense, kan fylkesmannen fatte vedtak om igangsetting av utredning og dernest eventuelt vedta grensejusteringen. Embetene som har slike sakerliggende kan starte arbeidet med å vurdere om sakene skal utredes ytterligere og eventuelt vedta grensejusteringen. Dersom sakene gjelder kommuner som er involvert i en sammenslåing, ber departementet om å bli orientert også når det fattes vedtak om igangsetting av utredning. Departementet og andre relevante statlige aktører skal orienteres når fylkesmannen har fattet vedtak om grensejustering.

I alle øvrige saker skal departementet avgjøre om utredning av grensejusteringen skal iverksettes, og fatte endelig vedtak om evt. grensejustering når utredningen foreligger.

For å få en samlet oversikt over aktuelle grensejusteringer ber departementet om at hvert enkelt embete sender en oppdatert oversikt over alle initiativ om grensejusteringer innen 12. juni. Departementet ønsker at oversikten inneholder saker som er basert på lokale initiativ, jf. inndelingsloven § 8, og ikke saker der (bare) fylkesmannen mener en kommunegrense er uhensiktsmessig. Videre skal det framgå av oversikten hvordan de berørte kommunene stiller seg til initiativet og fylkesmannens tilrådning om videre prosess.

Der hvor departementet beslutter at det igangsettes utredninger, vil fylkesmennene få egne brev med oppdrag om å utrede og innstille til departementet. Det vil også kunne komme oppdrag fra departementet om å utrede enkelte saker vi allerede er kjent med før embedene har sendt inn sin oversikt.

Departementet forventer økt antall grensejusteringssaker i kjølvannet av kommunereformen. Departementet vil prioritere saker som involverer kommuner som skal slå seg sammen, slik at disse endringene kan tre i kraft samtidig med de nye kommunene. Embetene bør legge en tilsvarende prioritering til grunn for de sakene de kan vedta selv.

Nye initiativ som fremmes etter 12. juni skal behandles på ordinær måte i tråd med inndelingslova § 9 fjerde ledd.

Kommunesammenslåinger – prosess etter Stortingets vedtak

Som omtalt i brev 3. mars, er det ved Stortingets behandling av Prop. 96 S (2016–2017) at kommunene blir vedtatt slått sammen. Ved enighet mellom kommunene kan derfor fellesnemnda konstituere seg og formelt starte sitt arbeide etter Stortingets behandling. Etter sammenslåingsvedtaket skal fylkesmannen kalle kommunene inn til felles kommunestyremøte. I det felles møtet skal kommunene drøfte forslag til navn på den nye kommunen og de andre sakene som er nevnt i inndelingslova § 25 a-e. Det skal ikke treffes vedtak i fellesmøtet, sakene som diskuteres her må følges opp av vedtak i det enkelte kommunestyret.

I etterkant av Stortingets vedtak om sammenslåing vil det bli fastsatt navn på den nye kommunen, nærmere regler for sammenslåingen og eventuelle unntak fra gjeldende regler som er nødvendige for å gjennomføre sammenslåingen. Dette er vedtak som skjer på statlig nivå. Så langt i kommunereformen har slike vedtak skjedd gjennom kongelige resolusjoner. I det videre vil det bli mange sammenslåinger, gitt Stortingets tilslutning. Departementet tar derfor sikte å gjøre vedtak gjennom enkeltstående forskrifter, med hjemmel i én felles kongelig resolusjon som gir fullmakt til departementet. Departementet tar sikte på at forskriftene fastsettes i løpet av høsten 2017. Departementet vil legge stor vekt på kommunenes vedtak om navneørnske, og lokale behov for nærmere regler og eventuelle nødvendige unntak fra gjeldende regelverk, jf. inndelingsloven § 17 og 25.

Det er viktig med god dialog mellom fylkesmennene og kommunene om disse sakene, jf. omtalen av felles kommunestyremøte og unntak fra dette i brev av 3. mars. Fylkesmannen har en viktig oppgave i å bidra til gode og konstruktive prosesser i de tilfeller hvor kommunene har vanskelig for å komme til enighet om sakene som skal drøftes på fellesmøtet.

I fylkesmennenes dialog med kommunene er det viktig at det formidles at kommunene ikke behøver å vente på den endelige fastsettelsen av navn og nærmere regler for å starte sammenslåingsarbeidet. Selve sammenslåingen vil være formelt vedtatt når Stortinget har behandlet proposisjonen. Kommunene kan da starte det videre sammenslåingsarbeidet.

Utbetaling av tilskudd

Departementet vil utbetale tilskudd for å dekke engangskostnader ved sammenslåingen tidlig høst 2017. Til dette trenger vi tilbakemelding fra fylkesmennene om hvilken kommune i de ulike sammenslåingene pengene skal utbetales til. Vi ber om tilbakemelding om dette innen 30. juni 2017.

Med hilsen

Hans Petter Friestad Gravdahl (e.f.)
avdelingsdirektør

Jørgen Teslo
seniorrådgiver


Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer

Adresseliste

Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder	Postboks 788 Stoa	4809	ARENDAL
Fylkesmannen i Buskerud	Postboks 1604	3007	DRAMMEN
Fylkesmannen i Finnmark	Statens hus, Damsveien 1	9815	VADSØ
Fylkesmannen i Hedmark	Postboks 4034	2306	HAMAR
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Fylkeshuset	6404	MOLDE
Fylkesmannen i Nordland	Statens Hus, Moloveien 10	8002	BODØ
Fylkesmannen i Nord-Trøndelag	Postboks 2600	7734	STEINKJER
Fylkesmannen i Oppland	Postboks 987	2626	LILLEHAMMER
Fylkesmannen i Oslo og Akershus	Postboks 8111 Dep	0032	OSLO
Fylkesmannen i Rogaland	Postboks 59	4001	STAVANGER
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Fylkesmannen i Sør-Trøndelag	Postboks 4710, Sluppen	7468	TRONDHEIM
Fylkesmannen i Telemark	Postboks 2603	3702	SKIEN
Fylkesmannen i Troms	Postboks 6105	9291	TROMSØ
Fylkesmannen i Vestfold	Postboks 2076	3103	TØNSBERG
Fylkesmannen i Østfold	Postboks 325	1502	MOSS

Vedlegg 2
19/7476

Ona/Husøya, Sandøya og Orta 12. august 2016



Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Julsundvegen 9
6412 Molde

Innbyggarinitiativ for utgreiing av grensejustering mellom Sandøy og Aukra kommunar.

Med bakgrunn i pågåande kommunereform søker innbyggjarane på Ona/Husøya, Sandøya og Orta med dette Fylkesmannen i Møre og Romsdal om at det blir sett i gang ei utgreiing av grensejustering mellom Sandøy og Aukra kommunar. Utgangspunktet for initiativet er at øyane blir lagt til Aukra, eller den kommunen som Aukra blir ein del av.

Dei viktigaste grunnane til at me søker om ei utgreiing av ei grensejustering er:

- **Me er mest retta mot Aukra og Romsdal både med omsyn til tenester og leveransar både til næringsliv og private.**
- **Det er kortast og raskast å kome seg til ein by (Molde) i den retninga. Det vil fortsatt vere tilfellet etter at fastlandssambanda Møreaksen, Kjerringsundet og Nordøyvegen er ferdige.**
- **Me har alltid vore knytt til Romsdal, både med omsyn til handel, språk, kultur og tradisjonar.**
- **Geografisk er desse øyane ein del av Romsdalskysten. Me hører til Romsdalsregionen, og vil at me skal gjere det i framtida og.**

Innleiing

Sandøy kommune består av fem øyar med fast busetting, Ona/Husøya, Sandøya, Finnøya, Orta og Harøya. Alle øyane vart utskilt frå Aukra kommune i 1867, bortsett frå Myklebust, sørligste del av Harøya, som vart innlemma i kommunen i 1965.

I nordre del av kommunen er det tre mindre øyar som har busetting, Ona/Husøya, Sandøya og Orta, heretter kalla "småøyane". Desse øyane har 64 innbyggjarar og utgjer omtrent 5% av Sandøy kommunes befolkning. I tillegg ligg tre fråflytta øyar i samme område, desse er Gåsøya, Seterøya, og Lyngværet.

Kommunereformarbeidet

Sandøy kommune starta opp kommunereformarbeidet hausten 2014. Her la rådmannen fram i si saksutgreiing alle aktuelle scenario, også ei deling av kommunen. Reformarbeidet fekk si noverande form i kommunestyret 26.02.15.

Her utgreide kommunen alternativ berre sørover i retning Haram og Ålesund. Innbyggjarane på småøyane engasjerte seg tidleg i prosessen.

Sidan desse øyane er den nordligaste delen av kommunen og grensar mot Aukra kommune, reagerte folket der raskt på det urimelege i at kommunen ikkje ville utgreie alternativ mot Romsdal.

Me legg ved brev frå småøyane til kommunen i april 2015 der det vart bedt om utgreiing også i retning Romsdal, samt å fortsette som eigen kommune. Sjå vedlegg 2.

Hausten 2015 vart det utført ei «innbyggarundersøking om kommunestruktur på Sunnmøre». Her kom det fram at Sandøy kommune hadde 68 % som var for ei kommunesamanslåing, 66 % ville til Haram og 39 % ville til Aukra, enno Aukra ikkje var eit alternativ i denne undersøkinga. Dette viser klart kor delt kommunen er mellom Sunnmøre og Romsdal.

Innbyggarundersøkinga i Sandøy kommune i mai 2016 viste at 23 % av dei spurde var positive/nøytrale til ei deling av kommunen, og at det var dei yngste innbyggjarane som var mest positive.

I debatten rundt deling har det frå kommuneleiinga si side framkomme at det særleg er verdien av havområda rundt småøyane som er viktig. At småøyane alltid har vore ein naturleg og integrert del av Romsdalsregionen har det ikkje blitt tatt hensyn til. Skulle innbyggjarane likevel ha nokon verdi må det forventast at deira oppfatning blir vektlagt. Voteringane i kommunestyret har over tid vist at desse synspunkta er oversett.

Tenester og handel

Småøyane har vore, og er framleis mest knytta opp mot Molde og Romsdal. Dette har naturlig samanheng med avstandar og kommunikasjonar. Med dagens ferjerute vil tenester som elektro, VVS, service- og handverktenester frå Aukra og Romsdal kunne utnytte heile arbeidsdagen. Dette kombinert med større tilgang på tilbydarar av tenester gjer det enklare , raskare og billigare å få tenestene herifrå.

Det er store og aktive gardsbruk på Sandøya og Orta. All slakt og husdyr går mot Trøndelag, mens kraftfør, supplerande utstyr og driftsmidlar kjem frå Molde-området. Næringsmessig betjenes småøyane hovedsakleg frå Aukra og Romsdal, og tyngda av materialar og tenester kjem og derifrå.

Utan at me har nokon statistikk for det er varehandelen størst i retning Aukra/Molde, men ikkje så dominant som for tenester. Med dei store samferdselsprosjekta som er på gang, vil det truleg fortsatt vere slik. Møreaksen og forbindelsen frå Otrøya til Aukra (Kjerringsundet) vil gi Aukra fast samband til fastlandet. Slik ferjerutene for dei to ferjesambanda ser ut i dag, vil dette også bety kortare reisetider til Molde for folk som reiser med utasundsferja til og frå Småge.

Kommunikasjonar

Dei sørlege delar av kommunen vil få fastlandssamband gjennom Nordøyvegen, og småøyane har full forståing for at Harøy/Finnøy i reformprosessen også finn det mest naturleg å orientere seg sørover. Det er like fullt på det reine at føresetnadane for den nordlige del av kommunen ikkje vil endre seg i særleg grad, og me meiner det er naturleg å orientere oss mot Romsdal.

For at småøyane skal oppretthaldas som levedyktige samfunn er det viktig at kommunikasjonen mot Aukra og Molde vidareførast. Veg og ferjesamband og gode moglegheiter for å reise kollektivt mot Molde er difor avgjørende. Me er sikre på at me får meir forståing og støtte for dette som ein del av Aukra enn som ein del av Ålesund.

Lege- og helsetenester

Dei fleste på småøyane nyttar seg av lege og helsecenter på Harøya eller Aukra, som kan sjåast som likeverdige i så måte. Det er fritt fastlegevalg i Norge.

Det er ellers fleire og fleire som i staden nyttar seg av større medisinske miljø med større kapasitet og spenn i kompetanse, utstyr og prøvetaking, som Legesenteret i Molde eller Medi3 i Ålesund.

Transport av pasientar til sjukehus blir i dag utført av ambulansebåtane "Øyvon" og "Dr. Riiber". Dersom denne ordninga blir avslutta når Nordøyvegen er ferdig, og alternativet blir helikopter, vil avstanden til Aukra ikkje utgjere nokon forskjell. I dag er det samarbeid om denne tenesta mellom Aukra, Midsund og Sandøy.

Når Sandøy blir ein del av Ålesund er sannsynlegheita stor for at legevaktsamarbeidet Aukra/Sandøy/Midsund vil opphøre, og dermed og at legebåten Øyvon vil bli lagt ned.

Pleie og omsorg

Sidan heimesjukepleien i dag ikkje kjem til småøyane lenger, må dei som treng pleie flytte til Harøya. Aukra skal no bygge ny sjukeheim, og me ser det som ein stor fordel for både pleietrengande og pårørande å ha eit tilbod på Aukra. Ettersom dei fleste pårørande bur i Romsdalregionen vil det her vere enklare å få besøk av familie, fordi reisetid til og frå fastlandet er betydeleg kortare.

Sjukehus

Sandøy kommune vedtok i februar 2014 at kommunen skal ha Ålesund sjukehus som primærsjukehus. I vedtaket vert det sagt at småøyane framleis skal kunne bruke Molde sjukehus når tidsaspektet er viktig, ettersom det for oss er kortare til Molde.

Brannberedskap

Ved brann på småøyane vil brannmannskap frå Molde ved normale verforhold kunne vere på brannstaden like tidleg som brannmannskap frå Harøya, og kanskje før. Dette fordi Molde har brannmannskap og nytt hurtiggående utrykningsfartøy i beredskap, mens mannskapet på Harøya er frivillige, og er avhengig av at det er hurtigbåt tilgjengelig for å kunne rykke ut.

Tilhørighet og identitet

Tilhørighet og identitet er viktige faktorar og har i tillegg svært praktiske konsekvensar. Vegen til eit livskraftig samfunn på småøyane må være i eit samspel mellom fastbuande, deira familie, slekt og vene og personar med feriehus på øyane.

Dei med feriehus bidreg til øyane si utvikling og dannar grunnlag for arbeidsplasser (butikk, overnatting, restaurant, reiseliv og handverkstenester) og er den gruppa som mest truleg vil kunne flytte hit. Dei som har feriehus på småøyane er i all hovudsak personar med tilknyting til øya, som tidligare fastbuande eller etterkommarar av tidligare fastbuande.

Det er difor relevant å sjå på kva del av landet personar med tilhørighet til småøyane er busett. Dette er hovudsakleg mot Molde/Romsdal.

Land- og sjøområder

Med omsyn til dei sjø- og landområde som naturleg bør følge med i ei grensejustering, viser me til vedlagte kart. Me synes det er naturleg at grensa går frå grenselinja mot Midsund kommune, ut gjennom Gåsøysundet, vest for Kvaløya, ut Sandøysøyla ved Håskallen og vidare ut til territorialgrensa.

Det er slik at heile Kvaløya og Tollesholmen høyrer til grunneigarar frå Sandøya.

Konklusjon

Folket på Ona/Husøya, Sandøya og Orta vil at øyane skal bli ein del av Aukra kommune, eller den kommunen som Aukra blir ein del av. Me har tru på at Fylkesmannen vil legge stor vekt på folkemeininga i denne saka.

Me ber om å bli haldne orientert gjennom prosessen vidare. Dersom noko er uklart eller anna, ver vennleg å ta kontakt.

56 personar som bur på småøyane støttar innsendinga av denne søknaden datert 12 august 2016, ved å underteikne vedlagte liste. Dette utgjer 91,8 % av den vaksne befolkninga.

Sjå vedlegg 1

For Ona/Husøya

Oddgeir Viken
Kontaktperson.

For Sandøya

Evy Linningsvoll

For Orta

Andreas Orten

Postadresse : Onagarden 10, 6483 Ona

e-post : oddgeir.viken@gmail.com

Telefon : 915 71 618

Vedlegg:

1. Underskriftslistar
2. Uttale frå folkemøte
3. Oversiktskart
4. Detaljert kart

Vedlegg 1

Me bur på Ona/Husøya, Sandøya og Orta og støttar søknaden om grønsejustering datert 12. august 2016

Side 1

Nummer	Navn	Adresse	Underskrift
1	ELSE ORTEN	ORTEN	Else Orten
2	KARI NILSEN	"	Kari Nilsen
3	PEGGY NILSEN	"	Peggy Nilsen
4	EIVIS RØSTEN NILSEN	"	Eivis Røsten Nilsen
5	RJIN KATRIN NILSEN	"	Rjın Nilsen
6	ANDREAS ORTEN	"	Andreas Orten
7	RACHEL ORTEN	"	Rachel Orten
8	ODD ARVE ORTEN	"	Odd Arve Orten
9	WERNER SOLBERG	"	Werner Solberg
10	RAGNHILD THINGSTAD	"	Ragnhild Thingstad
11	Gilde Sørmoen	Ona	Gilde Sørmoen
12	MATHIAS S. GJETØY	"	Mathias S. Gjetøy
13	DAG OVE JENSEN	ONA	Dag O. Jensen
14	HALDIS HANSEN	ONA	Haldis Hansen
15	BØRN. JENSEN	ONA	Børn. Jensen
16	Finn Eliassen	ONA	Finn Eliassen
17	MARIANNE ELIASSSEN	ONA	Marianne Eliassen
18	ANNE MARIT STEINHAMN	ONA	Anne Marit Steinhamn
19	PER E. DØRISSEN	ONA	Per E. Dørisen
20	OLAV VIKEN	"	Olav Viken
21	GYSTEIN HANSEN	"	Gystein Hansen
22	TORSTEIN VIKEN	"	Torstein Viken
23	TURID MYRVANG	"	Turid Myrvang
24	GERD HUSØY	"	Gerd Husøy
25	KIRSIEN HUSØY	"	Kirsien Husøy
26	HALLGERD SANDØY	Sandøy	Hallgerd Sandøy
27	JØRUNN BERGUM	"	Jørunn Bergum
28	OLAV ELLIVSET	"	Olav Ellivset
29	EIVY LINNINGSVOLL	SANDØY	Eivyn Linningsvoll
30	ANNE-LISE ELLEVSET	"	Anne-Lise Ellevset
31	INGER LØSE	Sandøy	Inger Løse
32	HERDIS SANDØY	Sandøy	Herdis Sandøy
33	FRØVE JVÆRSSEN	Sandøy	Frove Jværsen
34	MARI ANN S. JVÆRSSEN	Sandøy	Mari Ann S. Jværsen
35	RAGNHILD SANDBØY	~ -	Ragnhild Sandbøy

Vedlegg 1

Me bur på Ona/Husøya, Sandøya og Orta og støttar søknaden om grensejustering datert 12. august 2016

			Side 2
36	ARVE LINNINGSVOLL	SANDØY	Arve Linningsvoll
37	MALFRID HUSØY	ONA	Malfrid Husøy
38	KRISTI M THORHEIM	ONA	Kristi Mihile Thorheim
39	KRISTIAN HUSØY	ONA	Kristian Husøy
40	ANNE Grete BERGSEN	SANDØY	Anne Grete Bergsen
41	Tor Ketil Bergeim	— —	Tor Ketil Bergeim
42	John Harald SANDØY	Sandøya	John Harald Sandøy
43	TOVE MARIE KNOBELAUCH	SANDØYA	Tove Marie Knobelauh
44	ERNA SANDØY	SANDØYA	Erna Sandøy
45	GØSTEIN SANDØY	— —	Gøstein Sandøy
46	KJELL ØVE SANDØY	SANDØY	Kjell Øve Sandøy
47	Hentius Sandøy	Sandøy	Hentius Sandøy
48	Ingrid Sandøy	SANDØY	Ingrid Sandøy
49	INGVAR SANDØY	SANDØY	Ingvar Sandøy
50	GUNNFRID SANDØY	SANDØY	Gunnfrid Sandøy
51	MARGOTH SANDØY	SANDØY	Margoth Sandøy
52	MARTE LINNINGSVOLL	Sandøy	Marte Linningsvoll
53	STIG RUNE BERGSTVN	SANDØY	Stig Rune Bergtvn
54	ODDEGIR VIKEN	ONA	Oddgeir Viken
55	TONJE G. NORSTRØD	ONA	Tonje G. Norstrød
56	TORBjØRN VOLLEN	SANDØY	Torbjørn Vollen
57	ĒRY ZACHARIASSEN	SANDØY	Ēry Zachariasen
58			
59			
60			
61			
62			
63			
64			
65			
66			
67			
68			
69			
70			

Fra: **Stig Rune Bergtun** stigrunebergtun@msn.com
Emne: Delingssaken
Dato: i går kl. 19.13
Til: Arve Linningsvoll arvelinn@online.no

Bekrefter min enighet til søknad som blir sendt til fylkesmann ifra Sandøy ,Ona og Orta.
Om tilhørighet til Aukra.

Stig Rune Bergtun

Vedlegg 2
Uttale frå folkemøte på
Sandøya 26. april 2015

Sandøy kommune
6487 Harøy


Uttalelse fra folkemøte på Sandøya 26. april 2015 om kommunereformen

Vedlagt oversendes uttalelse med frammøttes underskrifter.

Det vedlegges også liste med underskrifter fra de som ikke var med på møtet, men som likevel ønsker å støtte uttalelsen.

Møtet ønsket at uttalelsen skulle legges fram på neste folkemøte om kommunereformen på Harøya 28. mai 2015.

Sandøy 29.04.2015


Olav Ellevset
På vegne av møtet

Uttalelse fra folkemøte på Sandøya søndag 26. April 2015


På åpent møte på Sandøya 26. april 2015 var det det 26 frammøtte. Temaet for møtet var kommunereformen, og hvilke alternativer for nye kommuner som bør utredes.

Av de tre alternativene som utredes av Sandøy kommune i dag er alle rettet sørover mot Sunnmøre, og ingen rettet mot Romsdal.


Møtet vedtok at det også bør utredes ett eller flere alternativer i retning Romsdal.
Herunder bør det gis åpning for at deler av Sandøy kommune kan rettes mot Romsdal.

Ottar Orten, Gerd Orten Sandøy, John Stein Sandøy
Trygve Stein, Turid Myrvang Ragnhild Sandøy
Avelinningsvoll, Agnetha Bergseth, Sølvi Sandøy,
Bodhild Sandøy, Tormod Sandøy, Paul Q. Sandøy
Else Orten, Kjell Eide, Peggy Nilsen Odalen Sandøy
Hari Stein Sandøy, Jversen, Hauanne D. Eliassen
Anne Orte Ellingset, Jorunn Bergseth, Avelinningsvoll
Terk. Elliesen Odalen Vilum, Ole Ellerst

Vedlegg 3
Oversiktskart delingssaken
Sandøy-Aukra



Vedlegg 4
Detaljkart delingssaken
Sandøy-Aukra



Vedlegg 3

14/7476

MOTTATT

26 AUG. 2016

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Liv Tove Lyngvær

Amtmann Leths gate 11

6413 MOLDE

Molde, 26.08.2016

Fylkesmannen i Møre og Romsdal


Fylkeshuset

HER

VEDRØRENDE KOMMUNEREFORMEN

Lyngværet, Gåsøya og Seterøya ønsker grensejustering til Aukra kommune.

Med vennlig hilsen



Liv Tove Lyngvær

Vedlegg: 5

ANGÅENDE KOMMUNEREFORMEN – AUKRA ELLER ÅLESUND

Vi som har feriehus på Lyngværet, Gåsøya, og Seterøya har sett i media at Ona, Sandøya og Orten vil søke om grensejustering slik at de kommer til Aukra kommune.

Vi støtter nevnte søknad fullt ut.

LYNGVÆRET, GÅSØYA OG SETERØYA ønsker også grensejustering til AUKRA KOMMUNE

ANGÅENDE KOMMUNEREFORMEN – AUKRA ELLER ÅLESUND

Vi som har feriehus på Lyngværet, Gåsøya, og Seterøya har sett i media at Ona, Sandøya og Orten vil søke om grensejustering slik at de kommer til Aukra kommune.

Vi støtter nevnte søknad fult ut.

LYNGVÆRET, GÅSØYA OG SETERØYA ønsker også grensejustering til AUKRA KOMMUNE

ANGÅENDE KOMMUNEREFORMEN – AUKRA ELLER ÅLESUND

Vi som har feriehus på Lyngværet, Gåsøya, og Seterøya har sett i media at Ona, Sandøya og Orten vil søke om grensejustering slik at de kommer til Aukra kommune.

Vi støtter nevnte søknad fult ut.

LYNGVÆRET, GÅSØYA OG SETERØYA ønsker også grensejustering til AUKRA KOMMUNE

ANGÅENDE KOMMUNEREFORMEN – AUKRA ELLER ÅLESUND

Vi som har feriehus på Lyngværet, Gåsøya, og Seterøya har sett i media at Ona, Sandøya og Orten vil søke om grensejustering slik at de kommer til Aukra kommune.

Vi støtter nevnte søknad fult ut.

LYNGVÆRET, GÅSØYA OG SETERØYA ønsker også grensejustering til AUKRA KOMMUNE

ANGÅENDE KOMMUNEREFORMEN – AUKRA ELLER ÅLESUND

Vi som har feriehus på Lyngværet, Gåsøya, og Seterøya har sett i media at Ona, Sandøya og Orten vil søke om grensejustering slik at de kommer til Aukra kommune.

Vi støtter nevnte søknad fuit ut.

LYNGVÆRET, GÅSØYA OG SETERØYA ønsker også grensejustering til AUKRA KOMMUNE

Grensejustering Sandøy/Hustavika


- - - Foreslått grense

— Grunnkrets

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Februar 2018



1: 150 000





**FYLKESMANNEN
I MØRE OG ROMSDAL**

Saksbehandler, innvalgtelefon

seniorrådgivar Vigdis Rotlid Vestad, 71 25 84 47

Vedlegg 5

Vår dato
09.06.2017
Deres dato
19.05.2017

Vår ref.
2016/3436/FMMRVIVE/330
Deres ref.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8004 Dep
0030 OSLO

Videre arbeid med grenseendringer

Viser til brev fra dere datert 09.05. 2017, sak 17/1212-4, om videre arbeid med grensejusteringer.

KMD ber om en samlet oversikt over aktuelle søknader om grensejusteringer etter inndelingslova § 8. Nedenfor følger en oppsummering av mottatte søknader om grensejusteringer i Møre og Romsdal. I påvente av svar fra KMD har Fylkesmannen ikke startet utredning av søknadene. Søknadene om grensejusteringer som Fylkesmannen har mottatt, og de grensejusteringene som Fylkesmannen selv foreslår fremgår også av vår tilråding om ny kommunestruktur, datert 01.10.2016.

Søknader i forbindelse med sammenslåinger:

1. Bygdeinitiativ: **Angvik bygdelag, Indre Gjemnes kommune.** Søknad om overflytting til Nye Molde kommune. Disse bygdene er naboer til kommunene Nesset og Molde. Gjemnes kommune har vedtatt å fortsette som egen kommune. Stortinget vedtok 8. juni å slå sammen kommunene Nesset, Molde og Midsund. Vi vurderer derfor denne søknaden i forbindelse med en sammenslåing. Det er ikke kjent for Fylkesmannen hvordan de involverte kommuner stiller seg til initiativet. Fylkesmannen ber KMD avgjøre om utredning av grensejustering skal iverksettes.
2. Bygdeinitiativ: **Bygdene Norddal og Eidsdal** i Norddal kommune. Søknad om overflytting til Stranda kommune, evt. til en større kommune viss det ble vedtaket i forbindelse med kommunereformen. Stortinget vedtok 8. juni å slå sammen kommunene Norddal og Stordal. Vi vurderer derfor denne søknaden i forbindelse med en sammenslåing. Det foreligger slik Fylkesmannen er kjent med det, ikke enighet om dette initiativet. Fylkesmannen ber KMD avgjøre om utredning av grensejustering skal iverksettes.
3. Bygdeinitiativ: **Øyene Ona, Orten og Sandøy** i Sandøy kommune. Søknad om overflytting til Aukra kommune, evt. til en større kommune viss det ble vedtaket i kommunereformen. Stortinget vedtok 8. juni å slå sammen kommunene Sandøy, Haram, Ålesund, Skodje og Ørskog. Vi vurderer derfor denne søknaden i forbindelse med en sammenslåing. Kommunestyret i Sandøy ønsker ikke en slik grensejustering. Fylkesmannen ber KMD avgjøre om utredning av grensejustering skal iverksettes.
4. Privat initiativ fra Øystein Storeide: **Syvde og Rovde** i Vanylven kommune. Søknad om overflytting av bygdene Syvde og Rovde i Vanylven kommune til Volda kommune. Stortinget vedtok 8. juni å slå sammen kommunene Volda og Hornindal. og vi vurderer derfor denne

søknaden i forbindelse med en sammenslåing. Fylkesmannen vurderer om utredning av grensejustering skal iverksettes.

Søknad som ikke gjelder i kommuner med sammenslåingsvedtak:

1. Bygdeinitiativ: Bygda **Vågstranda** i Rauma kommune. Søknad om overflytting til Vestnes kommune. Kommunene Rauma og Vestnes har i forbindelse med kommunereformen vedtatt å fortsette som egne kommuner, så derfor vedrører denne søknaden ikke en kommunesammenslåing. Fylkesmannen vurderer om utredning av grensejustering skal iverksettes.

Utbetaling av tilskudd til sammenslåtte kommuner:

KMD ber Fylkesmannen om å oppgi hvilken kommune som skal motta engangstilskuddet på vegne av de nye kommunene som inngår i den enkelte sammenslåingen.

- Nye Ålesund kommune: Utbetales til Ålesund kommune
- Nye Molde kommune: Utbetales til Molde kommune
- Nye Volda og Hornindal kommune: Utbetales til Volda kommune
- Nye Norddal og Stordal kommune: Utbetales til Norddal kommune
- Nye Fræna og Eide kommune: Utbetales til Fræna kommune

Med hilsen

Rigmor Brøste
ass. fylkesmann

Vigdis Rotlid Vestad

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg:

- 1 Kommunereformen - Innbyggjarinitiativ - Grenseendring
- 2 Søknad om utredning av grensejustering mellom Indre Gjemnes og Molde Nesset
- 3 Søknad om utredning av grensejustering mellom Indre Gjemnes og Molde Nesset(1)
- 4 Søknad om grensejustering med kartvedlegg sendt
- 5 Resultat frå folkerøysting 2
- 6 Resultat frå folkerøysting 1
- 7 Søknad om grensejustering - Norddal kommune
- 8 Endeleg rapport kommunereform Eidsdal Norddal
- 9 Kart med forslag til grensejustering, vedlegg 2
- 10 Opprop for grensejustering vedlegg 1, side 9
- 11 Opprop for grensejustering vedlegg 1, side 8
- 12 Opprop for grensejustering vedlegg 1, side 7
- 13 Opprop for grensejustering vedlegg 1, side 6
- 14 Opprop for grensejustering vedlegg 1, side 5
- 15 Opprop for grensejustering vedlegg 1, side 4
- 16 Opprop for grensejustering vedlegg 1, side 3

- 17 Opprop for grensejustering vedlegg 1, side 2
- 18 Opprop for grensejustering vedlegg 1, side 1
- 19 Søknad om justering av eksisterende komunegrense. side 2
- 20 Søknad om justering av eksisterende kommunegrense, Vestnes- Rauma
- 21 Søknad om justering av eksisterende komunegrense. side 1
- 22 Kommunereformen - Grensejustering
- 23 Innbyggarinitiativ for utgreiing av grensejustering mellom Sandøy og Aukra kommunar
- 24 Aukra kommune - kommunereformen - grensejustering Lyngværet, Gåsøya og Seterøya



**DET KONGELIGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
 Fylkeshuset
 6404 MOLDE

Deres ref

Vår ref

Dato

17/1212-66

28. september 2017

Utredning av grensejusteringer - Møre og Romsdal

Vi viser til deres brev 9. juni 2017 om videre arbeid med grenseendringer. Kommunal- og moderniseringsdepartementet gir med dette en samlet tilbakemelding på de aktuelle grensejusteringene som fylkesmannen omtaler i sitt brev.

Gjemnes, Molde og Nesset kommuner

Fylkesmannen oversendte et initiativ om grensejustering mellom Gjemnes og Molde/Nesset kommuner. Fylkesmannen er ikke kjent med hvordan de berørte kommunene stiller seg til initiativet. Fylkesmannen ber departementet avgjøre om saken skal utredes.

Departementet ber med dette fylkesmannen om så raskt som mulig å utrede konsekvensene av en grensejustering mellom Gjemnes og Molde/Nesset kommuner som omfatter Angvik skolekrets, i tråd med initiativet fra Angvik bygdelag. Fylkesmannen kan i tillegg utrede større eller mindre grensejusteringer i det omtalte området. Fylkesmannens tilrådning skal fremgå av oversendelsen til departementet.

Det må legges til rette for at Gjemnes og Molde/Nesset kommuner skal få uttale seg før saken oversendes departementet for endelig avgjørelse. Kommunestyrene bør innhente innbyggernes synspunkter på saken.

Molde, Nesset og Midsund kommuner er vedtatt slått sammen fra 1. januar 2020. Departementet ser det som hensiktsmessig at en eventuell grensejustering gjennomføres på samme tidspunkt som sammenslåingen. Det er derfor ønske om en tidlig avklaring av dette spørsmålet.

Sandøy og Aukra kommuner

Fylkesmannen oversendte et initiativ om grensejustering mellom Sandøy og Aukra kommuner. Sandøy kommune ønsker ikke en utredning av justeringen. Fylkesmannen ber departementet avgjøre om saken skal utredes.

Departementet ber med dette fylkesmannen om så raskt som mulig å utrede konsekvensene av en grensejustering mellom Sandøy og Aukra kommuner som omfatter Ona/Husøya, Sandøya og Orta og eventuelt andre omkringliggende øyer. Fylkesmannen kan i tillegg utrede større eller mindre grensejusteringer i det omtalte området. Fylkesmannens tilrådning skal fremgå av oversendelsen til departementet.

Det må legges til rette for at Sandøy og Aukra kommuner skal få uttale seg før saken oversendes departementet for endelig avgjørelse. Kommunestyrene bør innhente innbyggernes synspunkter på saken.

Sandøy kommune er vedtatt slått sammen med Ålesund, Skodje, Ørskog og Haram kommuner fra 1. januar 2020. Departementet ser det som hensiktsmessig at en eventuell grensejustering gjennomføres på samme tidspunkt som sammenslåingen. Det er derfor ønske om en tidlig avklaring av dette spørsmålet.

Stranda, Norddal og Stordal kommuner

Fylkesmannen oversendte et initiativ om grensejustering mellom Norddal og Stranda kommuner som omfatter bygdene Norddal og Eidsdal. I e-post 4. september ettersendte fylkesmannen informasjon om Liabygda grunnkrets i Stranda kommune, hvor det vises til at Fylkesmannen i Møre og Romsdal tidligere har anbefalt at det også utredes en grensejustering for Liabygda mellom Stranda og Norddal/Stordal kommuner. Fylkesmannen ber Kommunal- og moderniseringsdepartementet avgjøre om sakene skal utredes.

Departementet ber med dette fylkesmannen om så raskt som mulig å utrede konsekvensene av en grensejustering mellom Stranda og Norddal/Stordal kommuner som omfatter henholdsvis bygdene Norddal og Eidsdal, i tråd med lokalt initiativ, og Liabygda grunnkrets. Fylkesmannen kan i tillegg utrede større eller mindre grensejusteringer i det omtalte området. Fylkesmannens tilrådning skal fremgå av oversendelsen til departementet.

Det må legges til rette for at Stranda og Norddal/Stordal kommuner skal få uttale seg før saken oversendes departementet for endelig avgjørelse. Kommunestyrene bør innhente innbyggernes synspunkter på sakene.

Norddal og Stordal kommuner er vedtatt slått sammen fra 1. januar 2020. Departementet ser det som hensiktsmessig at eventuelle grensejusteringer gjennomføres på samme tidspunkt som sammenslåingen. Det er derfor ønske om en tidlig avklaring av disse spørsmålene.

Om arbeidet med utredningene

Utredningene skal gi opplysninger om relevante forhold som folketall, areal, geografi, kommunikasjonsforhold, pendling, utbyggingsmønster og det kommunale tjenestetilbudet. Kommunene og andre offentlige etater forutsettes raskt å fremskaffe det relevante informasjonsgrunnlaget, på fylkesmannens anmodning, jf. inndelingsloven § 9.

Dersom fylkesmannen anbefaler en grensejustering, skal et klart og entydig forslag til ny kommunegrense foreslås overfor departementet. Statens kartverk bør konsulteres om utformingen av forslaget til ny grense.

Departementet legger til grunn at Fylkesmannen i Møre og Romsdal dekker utgiftene til utredningene, jf. inndelingsloven § 11.

Øvrige saker

I brevet 9. juni omtalte fylkesmannen ytterligere 2 initiativ som omfatter hhv. Vanylven/Volda og Rauma/Vestnes kommuner. I tråd med enighet håndteres disse sakene av Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Med hilsen

Mari Jacobsen (e.f.)
avdelingsdirektør

Jørgen Teslø
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer

Kopi

Aukra kommune
Gjemnes kommune
Haram kommune
Midsund kommune
Molde kommune
Nesset kommune
Norddal kommune
Sandøy kommune
Skodje kommune
Stordal kommune
Stranda kommune
Ørskog kommune
Ålesund kommune



**FYLKESMANNEN
I MØRE OG ROMSDAL**

Saksbehandlar, innvaltelefon
seniorrådgivar Vigdis Rotlid Vestad, 71 25 84 47

Vår dato
21.11.2017
Dykkar dato
«REFDATO»

Vår ref.
2017/6248/FMMRVIVE/310
Dykkar ref.
«REF»

Vedlegg 7

«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

Søknad om grensejustering i Sandøy kommune - innhenting av faktagrunnlag til utgreiing

Fylkesmannen ber med dette om supplering av faktaopplysningar i samband med utgreiing av grensejustering mellom kommunane Sandøy og Aukra, nærmere bestemt øyane Ona, Orten, Sandøy, Lyngværet, Seterøya og Gåsøya, sjå vedlagte sjekkliste. Fylkesmannen har med heimel i inndelingslova § 9 innhenta faktaopplysningar til saksførebuinga frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

Med utgangspunkt i sjekklista og vedlagte faktaopplysningar ber vi:

- Sandøy kommune om gjere greie for eller supplere oversendte faktaopplysningar om verknader av ei eventuell grensejustering
- Aukra kommune om å gjere tilsvarende greie for fakta på dei områda det er naturleg at kommunen uttaler seg
- Nye Ålesund kommune v/ fellesnemnda om å gjere tilsvarende greie for fakta på dei områda det er naturleg at kommunen uttaler seg

Det følgjer av inndelingslova § 10 at innbyggjarane bør høyrast ved forslag til grenseendring. Fylkesmannen skal i medhald av inndelingslova § 10 gjennomføre ei innbyggjarhøyring i veke 3 og 4 i 2018. I samband med dette ber vi:

- Sandøy kommune om ei oversikt over innbyggjarar på øyane Ona, Orten og Sandøya over 16 år med telefonnummer. Innbyggjarhøyringa vil skje i form av telefonundersøking og informasjon om dette vil bli sendt ut i løpet av desember 2017
- Sandøy kommune om ei adresseoversikt over grunneigarar på øyane Lyngværet, Seterøya og Gåsøya

Vi orienterte i infoskriv nr. 1-2017 om grensejusteringar og i informasjonsmøte den 31.10. 2017 om saksgong for det vidare arbeid med grensejusteringa, sjå Fylkesmannen si heimeside.

Vedlagt ligg første del av utgreiingsdokumentet, som vil få fleire kapittel når kommunane har sendt inn sine faktaopplysningar. Frist for innsending av fakta, innbyggjaroversikt og telefonliste er sett til **18.12.2017**.

Om noko skulle vere uklart, så ta kontakt snarast.

Med helsing

Lodve Solholm
fylkesmann

Vigdis Rotlid Vestad

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg:

- 1 Utgreiingsdokument
- 2 Sjekkliste

Kopi:


Oddgeir Viken	Onagarden 10	6483	ONA
Møre og Romsdal fylkeskommune v/Ole	Fylkeshuset, Postboks 2500	6404	MOLDE
Helge Haugen			
Leiar av fellesnemnda i nye Ålesund	Postboks 1521	6025	ÅLESUND
kommune			
Liv Tove Lyngvær	Amtmann Leths t. 11	6413	MOLDE



FYLKESMANNEN
I MØRE OG ROMSDAL

2017

Grensejustering i Sandøy kommune



fmmrvive@fylkesmannen.no

Møre og Romsdal Fylkeskommune

22.11.2017

Innhold

1	Moglege grensejusteringar i Møre og Romsdal	3
1.1	Grunnkrinsane Orten, Sandøy og Ona/Husøy.....	3
1.2	Grunnkrinsane Bjørke og Viddalen.....	3
1.3	Grunnkrins Liabygda.....	3
1.4	Grunnkrinsane Dalsbygda, Eide, Rønneberg og Ytterdal	3
1.5	Grunnkrinsane Øye/Heggem, Fagerli, Flemma og Angvik.....	3
2	Tenestetilbod og anna informasjon fra Møre og Romsdal fylkeskommune.....	3
2.1	Plan- og analyse.....	3
2.2	Utdanning.....	3
2.3	Tannhelse	3
2.4	Samferdsel.....	3
2.4.1	Veg.....	3
2.4.2	Kollektivtrafikk.....	3
2.4.3	Skoleskyss	4
2.4.4	Drosje	4
2.4.5	Tilrettelagt transport for funksjonshemma (TT-ordninga)	4
2.5	Regional- og næringsavdelinga	4
2.5.1	Kommunale næringsfond og hoppid.no	4
2.5.2	Distriktsområde	4
2.5.3	Vassforvaltning	4
2.5.4	Akvakultur	4
2.6	Kultur.....	5
2.6.1	Kulturvernsekjonen.....	5
2.6.2	Seksjon Folkehelse og fysisk aktivitet	5
2.6.3	Kulturformidlingsseksjonen	5
2.6.4	Fylkesbiblioteket.....	5
3	Innbyggartal, demografi, sysselsetting og arbeidspendling for grunnkrinsane Orten, Sandøy og Ona/Husøy	
3.1	Innbyggartal og demografi	6
3.1.1	Folketal, samla og etter aldersgrupper.....	6
3.1.2	Elevar i vidaregåande skole, skoleåret 2016/2017	6
3.1.3	Flytting samla i 2015 og 2016	7
3.2	Sysselsetting og arbeidspendling	8
4	Kart.....	9

Forord

Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FMMR) har på oppdrag frå Kommunal- og moderniseringssdepartementet (KMD) blitt bedt om å utgreie søknad om ei grensejustering i Sandøy kommune (Nye Ålesund kommune frå 1. jan. 2020). Dette gjeld øyane Sandøy, Ona, Orten, Lyngværet, Gåsøya og Seterøya som ynskjer flytting til Aukra kommune. KMD ber Fylkesmannen om å gjere greie for konsekvensar av ei slik grensejustering. Fylkesmannen kan i tillegg utgreie større eller mindre grensejusteringar i det omtalte området. Utgreiingane skal gi opplysningar om relevante forhold som folketal, areal, geografi, kommunikasjonsforhold, pendling, utbyggingsmønster og det kommunale tenestetilbodet.

Kommunane og andre offentlege etatar skal så raskt som mogleg skaffe til veie det relevante informasjonsgrunnlaget til utgreiinga når fylkesmannen ber om det, jf. inndelingsloven § 9.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har bedt Møre og Romsdal fylkeskommune (MRFK) om informasjon i forbindelse med utgreiinga av grensejusteringa. I høve faktagrunnlaget på noverande tidspunkt er det i all hovudsak MRFK som har gitt oss informasjonen.

I dette faktagrunnlaget er det samla inn oppdatert informasjon i høve til:

- Innbyggartal og demografi
 - Folketal totalt og i grunnkrins(ane) som blir overført
 - Befolkning fordelt på alder
- Sysselsetting og arbeidspendling
 - Arbeidsplassar i det aktuelle området
 - Pendling for innbyggjarar i det aktuelle området
- Tenestetilbod
 - Endringar i tilgang til kommunale tenester for innbyggjarar ved overflytting til ny kommune
 - Fylkeskommunale tilbod – bruk i dag og ved grensejustering
- Anna
 - Planar for området etter plan- og bygningslova som gjeld utbygging av næring og bustader
 - Utbyggingsmønster

MRFK har i tillegg utarbeid kart som syner grensejusteringa. Kartverket har i denne omgangen ikkje delteke i kartillustrasjonane.

MRFK påpeikar at særleg dei kvalitative innspela, må sjåast på som overordna innspel. Enkeltståande problemstillingar om korleis til dømes endring i kommunal grunnskolestruktur vil påverke kostnader kring skoleskysstilbodet fylkeskommunen tilbyr og korleis fylkeskommunens eigarskap i kvart enkelt selskap med geografisk nedslagsfelt i dei relevante kommunane påverkast er ikkje drøfta.

I kap. 1 beskrivast alle grensejusteringane som skal utgriast i Møre og Romsdal, følgd av ein gjennomgang av moglege konsekvensar for tenestetilbodet frå fylkeskommunen i kap. 2. Dette kapittelet er bygd opp etter det tenestetilbodet fylkeskommunen tilbyr frå dei einskilde avdelingane sine. I kap. 3 finst informasjon som dekker innbyggartal, demografi, sysselsetting og arbeidspendling, og til sist i kap. 4. er det lagt inn kart som syner grenseendringa.

1 Moglege grensejusteringar i Møre og Romsdal

Det er 5 moglege grensejusteringar Møre og Romsdal fylkeskommune er bedt om å gje innspel til.

1.1 Grunnkrinsane Orten, Sandøy og Ona/Husøy

Grunnkrinsane 15460107 Orten, 15460108 Sandøy og 15460109 Ona/Husøy vurderast flytta frå 1546 Sandøy til 1547 Aukra.

1.2 Grunnkrinsane Bjørke og Viddalen

Grunnkrinsane 15200404 Bjørke og 15200405 Viddalen vurderast flytta frå 1520 Ørsta til 1519 Volda.

1.3 Grunnkrins Liabygda

Grunnkrins 15250101 Liabygda vurderast flytta frå 1525 Stranda til 1526 Stordal.

1.4 Grunnkrinsane Dalsbygda, Eide, Rønneberg og Ytterdal

Grunnkrinsane 15240108 Dalsbygda, 15240109 Eide, 15240110 Rønneberg og 15240111 Ytterdal vurderast flytta frå 1524 Norddal til 1525 Stranda.

1.5 Grunnkrinsane Øye/Heggem, Fagerli, Flemma og Angvik

Grunnkrinsane 15570202 Øye/Heggem, 15570204 Fagerli, 15570205 Flemma og 15570206 Angvik vurderast flytta frå 1557 Gjemnes til 1502 Molde.

2 Tenestetilbod og anna informasjon frå Møre og Romsdal fylkeskommune

2.1 Plan- og analyse

Kommunale grensejusteringar internt i Møre og Romsdal vil ikkje påverke tenestetilbodet relatert til plan, planfagleg rettleiing og tilbodet om statistikk- og analysehjelp til kommunane.

2.2 Utdanning

Interne grensejusteringar internt i Møre og Romsdal vil ikkje ha betydning for skoletilbodet eller skolestrukturen. Fritt skoleval og at det gjelder få elever er grunnen til det.

2.3 Tannhelse

Grensejusteringa relatert til Orten, Sandøy og Ona/Husøy kan gje ei utfordring med pasientjournalsystemet OPUS, men det må kunne løysast. Pasientane vil ikkje bli flytta til Aukra for behandling.

2.4 Samferdsel

2.4.1 Veg

Grensejusteringar internt i fylket vil ikkje ha nokon konsekvens for brukarane av vegen.

2.4.2 Kollektivtrafikk

Grensejusteringar internt i fylke kan få ein konsekvens. Rutepakkane er i dag strukturert slik at dei i hovudsak følg kommunegrensene. Grensejusteringar fører til endra kommunesenter for

innbyggjarane, og det kan medføre at det ikkje går kollektivtrafikk til dømes rådhuset i kommunen. Dette kan igjen føre til endra behov i kollektivtrafikken, noko som kan medføre endring i kollektivproduksjonen. Endring i produksjon kan føre til økt vognbehov. Behov for meir materiell enn definert i kontraktane kan bli kostnadskrevjande for fylkeskommunen.

2.4.3 Skoleskyss

Grensejusteringar internt i fylke kan få ein konsekvens.

Elevar ved private skolar vil få ein utvida skyssrett om dei bur i ein stor kommune. Skyssretten er avgrensa til å gjelde heimkommunen, og store kommunar vil gi fylkeskommunen økonomisk ansvar for lengre strekning med skoleskyss.

Om barna i grunnkrinsane Orten, Sandøy og Ona/Husøy skal bytte skolekrins må ferjeruta omarbeidast og tilpassast skolestart og slutt ved Gossen barne- og ungdomsskole. Rute 32 (Onaruta) er i dag tilpassa skolestart på Harøy skole, rute 22 (Brattvåg – Dryna-Fjørtofta-Harøya) og rute 31 (Aukra-Hollingsholm). Det vil difor verte eit omfattande arbeid å omarbeide denne ruta. Dette vil kunne ha konsekvensar for arbeidspendlarar. Pr i dag har vi to elevar i 6 klasse som pendlar frå Sandøy til Harøy skole.

2.4.4 Drosje

Nokre av grensejusteringane internt i Møre og Romsdal vil føre til små justeringar i høve løvvegrensene for drosjane i kommunane.

2.4.5 Tilrettelagt transport for funksjonshemma (TT-ordninga)

Ingen store endringar når ved grensejusteringar internt i fylket.

2.5 Regional- og næringsavdelinga

Konsekvens for tenestetilbodet frå RN.

2.5.1 Kommunale næringsfond og hoppid.no

I den grad det vert flytta mange personar ved grensejusteringar internt i fylket, vil fordeling av kommunale næringsfond verte påverka. Noko av beløpet vert fordelt etter innbyggartal i kommunane.

2.5.2 Distriktsområde

Nokre av desse grensejusteringane medfører at grunnkretsar vil flytte frå kommunar i distriktsområdet (sone 3) til sone 1 eller sone 2. Kva sone kommunen er i, har betydning for kva type støtte ein kan få frå fylkeskommunen og kva støtte bedriftene kan få frå Innovasjon Norge. Sonene gjeld til og med juli 2021, om grensejusteringane vil «overstyre» denne soneinndelinga er mindre truleg.

2.5.3 Vassforvaltning

Interne grensejusteringar vil ikkje ha konsekvensar for den tenesta fylkeskommunen tilbyr. Men kommunane må kartlegge dei vassdraga som skifter kommune.

2.5.4 Akvakultur

Interne grensejusteringar i fylket vil ikkje ha konsekvensar for akvakulturforvaltninga til fylkeskommunen.

2.6 Kultur

2.6.1 Kulturvernseksjonen

Grensejusteringar vil føre til ei utfordring i samband med arkivsituasjonen relatert til fagfelta kulturminne og arkeologi. Det vil derfor vere viktig å legge ein plan for korleis dette praktisk kan løysast. Erfaringa frå til dømes grensejusteringa mellom kommunane Vanylven og Sande er relevant.

2.6.2 Seksjon Folkehelse og fysisk aktivitet

Når det gjelder morotur.no, må vi gjere nokon praktiske endringar når nye kart teiknast.

Kommunereforma og grensejusteringar vil føre til endringar i anleggsdekninga i dei ulike kommunane. Anleggsdekninga leggast til grunn for prioriteringane av spelemiddel. Det er mange anlegg i fylket, og arbeidet med kartlegginga har ikkje starta enda.

2.6.3 Kulturformidlingsseksjonen

Seksjonen drifter den kulturelle skolesekken i kommunane i fylket. Interne grensejusteringar endrar ikkje organiseringa av turneane i stor grad, men det vil vere behov for reorganisering internt hos oss. Det må oppretta dialog med kommunekontaktane om endringar og samordning. Det vil bli fleir arbeidsoppgåver for kommunekontaktane i overgangen, men det vil normalisere seg etter kvart.

2.6.4 Fylkesbiblioteket

Truleg ingen konsekvensar.

3 Innbyggartal, demografi, sysselsetting og arbeidspendling for grunnkrinsane Orten, Sandøy og Ona/Husøy


3.1 Innbyggartal og demografi

3.1.1 Folketal, samla og etter aldersgrupper

Kjelde: SSB

		Samla	Etter aldersgruppe									Anonymisert*
			Barnehage	Barneskole	Ungd.skole	Vgs.	20-44 år	45-66 år	67-79 år	80 år +		
			0-5 år	6-12 år	13-15 år	16-19 år						
Orten	2011	9	0	0	0	1	3	5	0	0		1
	2017	11	1,5	0	0	0	4	4	1,5	0		3
Sandøy	2011	36	0	0	0	1	7	17	6	5		1
	2017	36	0	2	0	0	4	12	15	3		2
Ona/Husøy	2011	29	0	0	0	0	3	12	6	8		0
	2017	20	0	0	0	2	2	10	2	4		6
Samla	2011	74	0	0	0	2	13	34	12	13		2
	2017	67	1,5	2	0	2	10	26	18,5	7		11

* Aldersgrupper med 1 eller 2 personar er i datagrunnlaget anonymisert. For at folketalet skal være riktig for hver grunnkrets, er antallet anonymiserte personar likt delt på dei anonymiserte gruppene. Dette gjer at det kan vere grupper med desimaltall.



3.1.2 Elevar i vidaregåande skole, skoleåret 2016/2017

Kjelde: Møre og Romsdal fylkeskommune

Tal elevar i vidaregåande skole i skoleåret 2016/2017 med postadresse 6483 Ona, 6484 Sandøy og 6486 Orten.


Vidaregåande skole i kommune	Elevar
I Møre og Romsdal	1
Samla	1

3.1.3 Flytting samla i 2015 og 2016

Kjelde: SSB

→ Fråflytting

→ Tilflytting



Flytting fra gruppen til:	Personar
Molde	4
Sandøy	3
Samla	7

Flytting til gruppen fra:	Personar
Molde	3
Ålesund, Aukra	Anonymisert (3)
Samla	6

3.2 Sysselsetting og arbeidspendling

Dei aktuelle grensejusteringane dreiar seg i stor grad om relativt få personar. Skal ein sjå på til dømes pendling etter kommune blir talgrunnlaget veldig lite for kvar gruppe. Det gjer at forklaringskrafta til datagrunnlaget blir svakt når ein ser på grunnkretsnivå. Vi har derfor ikkje tal på grunnkrinsnivå for sysselsetting og arbeidspendling.

4 Kart

Fig. 1 - Nye Ålesund kommune frå 1. jan. 2020 utan grensejustering





Fig. 2 - Nye Ålesund kommune frå 1. jan. 2020 med grensejustering



Karta ligg vedlagt i større format

Sjekkliste for innhenting av faktagrunnlag ved grensejustering

Areal og geografi:

Storleik på areal som er søkt grensejustert

Geografisk plassering i kommunen

Viktige naturressursar og spesielle geografiske tilhøve

Innbyggartal og demografi:

Folketal totalt i grunnkrins(ane) som blir overført

Befolning fordelt på alder

Kommunikasjonstilhøve og pendling:

Kommunikasjonstilhøve i området, t.d. busstilbod, gang- og sykkelvegar og vegstruktur

Avstand til barne- og ungdomsskular, idrettsanlegg, kyrker, sjukeheim osv.

Reiseavstand til kommunesenter før og etter grensejustering

Pendling for innbyggjarar i det aktuelle området

Kommunale tenestetilbod:

Bruk av kommunale tenestetilbod (kommunale institusjonar, kommunalt omsorgstilbod) i det aktuelle området i noverande kommune

Eventuelle kjøp av kommunale tenester i andre kommunar for innbyggjarane i det aktuelle området

Bruk av kommunale tenestetilbod (kommunale institusjonar, kommunalt omsorgstilbod) i det aktuelle området i ny kommune

Fylkeskommunale/statlege tilbod – bruk i dag og ved grensejustering

Utbyggingsmønster:

Planar for området etter plan- og bygningslova som gjeld utbygging av næring og bustader

Anna:



Overordna økonomiske effektar, dvs. effekt på frie inntekter

Utlikna skatt (jf. effekt over inntektssystemet)

Foreiningar i det aktuelle området

Retningsval pr. i dag ved bruk av kultur- og fritidsaktivitetar for befolkninga i aktuelt område

Avstand til offentlege tenester fra Sandøya i minuttar



Alle som er bosatt i Orten, Sandøy og Ona/Husøy som har arbeidsplass i en av arbeidsstedskommunene, 4. kvartal 2016

Arbeidsstedskommune

Bostedsgrunnkrets	1546 Sandøy	1547 Aukra	Andre kommuner	Total
15460107 Orten	5 .	.		6
15460108 Sandøy	15 .	.		17
15460109 Ona/Husøy	9	0	3	12

Alle som jobber i Orten, Sandøy og Ona/Husøy som bor i en av bosstedskommunene, 4. kvartal 2016

Bostedskommune

Arbeidsgrunnkrets	1546 Sandøy	1547 Aukra	Total
15460107 Orten	4	0	4
15460108 Sandøy	8 .	.	
15460109 Ona/Husøy	4	0	4

vedlegg 10



Sandøy kommune
Rådmannen

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Dykkar ref.:

Vår ref.: 16/182

Saksbehandlar, tlf.

Dato: 18.12.2017

JournalpostID:
17/6949

Anny Sønderland, 71 27 75 10

Søknad om grensejustering i Sandøy kommune - innhenting av faktagrunnlag til utgreiing

Vi viser til spørsmål om innspel til faktagrunnlag til utgreiing om mogleg grensejustering i Sandøy kommune.

Vedlagt følger våre innspel.

Ta gjerne kontakt ved behov for utfyllende informasjon.

Med helsing
for Sandøy kommune


Anny Sønderland
rådmann

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg:

Namn/ adresseliste på fastbuande - Orten
Namn/ adresseliste på fastbuande - Sandøya
Namn/ adresseliste på fastbuande - Ona
Faktagrunnlag til utgreiing om eventuell grensejustering

Kopi til:
fylkesmannen i Møre og
Romsdal Vigdis Røtid Vestad



SANDØY KOMMUNE

Faktagrunnlag til fylkesmannens arbeid med utgreiing om mogleg grensejustering - 18.12.2017

Innleiing

Vi ser det som positivt at kommunen og også fellesnemnda i nye Ålesund får kome med innspel til faktagrunnlaget til fylkesmannens utgreiing om mogleg grensejustering.

Vi vil først vise til inndelingslova og forhold som dermed skal leggjast vekt på ved vudering av ei mogleg grensejustering:

Formålet med denne lova er å leggje til rette for ei kommune- og fylkesinndeling som innafor ramma av det nasjonale fellesskap kan sikre eit funksjonsdyktig lokalt folkestyre og ei effektiv lokalforvaltning. Endringar i kommune- eller fylkesinndelinga bør medverke til å skape formålstenlege einingar som kan gi innbyggjarane og næringslivet tilfredsstillande tenester og forvaltning. Verksemda etter denne lova skal bygge på prinsippet om lokal medverknad og initiativrett til grenseendringar.

Vi merkar oss at fylkesmannen i førebels utkast nyttar tittelen grensejustering i Sandøy kommune og ikkje til dømes **utgreiing om mogleg** grensejustering i Sandøy kommune.

Når det gjeld kartet, vil vi påpeike at sjøgrensa for ei eventuell grensejustering går svært nær Finnøya, og at det er lagt inn ein «knekk» for å få med alle øyene som er med i søknaden. Vi forstår det slik at dette er ein illustrasjon for ei aktuell grenselinje. Gjeldande kart er ikkje tilfredsstillande.

Den moglege grensejusteringa omfattar mellom 4-5 % av innbyggjarane i Sandøy kommune og over 40 % av arealet (landareal/havområde).

Ei grensejustering har ei kostnadsside. Vi legg til grunn at dette også er eit moment som blir teke med i ei heilskapleg vurdering.

Vi vil nedanfor gje innspel til dei fakta som fylkesmannen har bedt om.

Kommunale tenestetilbod

Med nokre få unntak får innbyggjarane på dei aktuelle øyene tenestene sine i Sandøy kommune.

Helse- og omsorgstenester

Helse- og omsorgstenester blir i hovudsak gitt på Harøya. Det er ikkje faste tilsette med tenestestad på Sandøya, Ona og Orta. Tenester til innbyggjarane blir tilbydd ut frå behov og i nært samarbeid med brukar/pasient. Det er heimetenester som støttekontakt, praktisk bistand og heimesjukepleie som det blir lagt til rette for i heimen. Vi finn lokale løysingar. Periodevis er det løna familiehjelp.

Innbyggjarar på øyene Sandøya, Ona og Orta har historisk sett vore prioriterte brukarar/pasientar ved tildeling av tenester for å sikre tryggleik og stabilitet i tenester. Prioritet har blitt gitt både ved tildeling av omsorgsbustad og heildøgnsomsorgstilbod. Fleire eldre med behov for fast oppfølging er i dag busette på Harøya i tilrettelagt bustad. Desse og andre frå øyene nyttiggjer seg dagtilbod på Møteplassen.

Det er inngått avtale med einskilde innbyggjarar på kvar av småøyene om transport av pasientar i privatbil ved behov til legeskyssbåten.

Kommunelegen i Sandøy er fastlege for ca 1300 pasientar, som er meir enn talet på busette i kommunen. I rapport utarbeidd av Nordplan AS er det oppgjeve at nokre av innbyggjarane på øyene nyttar fastlege i Aukra og i Molde.

Det er i dag legevakt samarbeid mellom kommunane Sandøy, Midsund og Aukra. Midsund og Aukra ønskjer samarbeid med Molde kommune om legevakt.

Det er barn under skulepliktig alder som får helsestasjonstenester i Aukra.

Oppvekst og kultur

Skulebarn frå Sandøya går på skule på Harøya. Desse har dekt skuleskyss dagleg. Det inngår i beredskapsplan at Øyvön blir brukt til frakt av skuleborn ved driftsstans etc.

Frå næringsfondet og dei ållmenne kulturmidlane blir det gitt støtte til tiltak i heile kommunen. Forsamlingshuset Stormly på Ona har til dømes fått støtte. I kulturbudsjettet inngår dekking av transportutgifter for korps 17. mai til Sandøya og Ona.

Øyene har sentrale kulturminne som Steffogarden og Sandøy kyrkje. Kommunen er del av Romsdalsmuseet og vil framleis vere det i nye Ålesund.

Ved politiske møte, som kommunestyremøte eller folkemøte, vil det bli avtalt særleg skyss om dette er naudsynt for innbyggjarar på øyene slik at dei kan delta. Dette blir avklart frå gong til gong.

Dette blir også gjort tilpasningar til ferjeavgangane ved arrangement som til dømes seniordansen. Kommunen har arbeidd for «kulturruta» torsdag og fredag, slik at dei frå øyene kan nå arrangement ettermiddag/kveld.

Etter det vi kjenner til er Sandøy kommune, inklusiv øyene sjølve, retningsval pr. i dag ved bruk av kultur- og fritidsaktivitetar for befolkninga i det aktuelle området.

Foreinigar i det aktuelle område:

- Ona og Husøy Velforening
- Ona småbåtlag
- Steffogardens Venner, Ona
- Forsamlingshuset Stormly, Ona
- Sandøy Velforening
- Sandøy Småbåtforkund
- Sandøy Kvinne og familieforbund
- Orten småbåtlag

Sandøya kyrkje og kyrkjegard blir nytta av pårørande frå Finnøya. Gravplassen blir også i dag delvis nytta av innbyggjarar frå Finnøya. Kyrkja blir kvart år brukt til barnedåp og konfirmasjon av innbyggjarar i heile Sandøy kommune, samt folk utanfrå kommunen.

Tekniske tenester og brann

Kommunen leverer vatn til Sandøya, Ona og Husøya. Det ligg sjøledning frå Finnøya, via Sandøya til Husøya. Denne krev ettersyn med dykkarar. Dette er kostbart, men nødvendig for å sikre at leidninga er i orden.

Vasstårnet på Sandøya er i drift, og hydroforanlegget på Husøya skal oppgraderst i samband med riving av Ona skule. Desse blir tekne ut av bruk når høgdebassenget på Myklebust/Harøya er ferdig.

Alle vassforsyningasanlegga er i relativt dårlig stand, og gjev årleg utfordringar med frostskader i uisolerte bygningar med påfølgjande lekkasjar.

Kommunen har ansvar for vegar på alle øyene. På Ona/Husøy og Sandøya er det mest fylkesvegar. Kommune har avtale med ein operatør på kvar øy om brøyting.

Det er kommunale kaier, og særleg på Orta har det vore brukt mykje midlar på reparasjon og vedlikehald av ambulansekai/flytebrygge. Den er ikkje i funksjon for tida.

Det er bygd kommunale avløpsanlegg på Ona og Husøya seinare år. Det er elles behov for oppgraderingar.

Det er branndepot på Sandøya og Ona/Husøya. På Sandøya er det tre deltidstilsette «depotmannskap». Det er ein på Orta, men ingen på Ona. Vi har der ein avtale med ein fastbuande om ettersyn av utstyr etc. Dette er sårbart. Vi har utarbeidd brannsikringsplan som krev øvingar, og har fått montert nye brannpostar og brannalarmar. Orta har ikkje depot. Det er der behov for noko utstyr til bruk før brannvesenet kjem. Molde Brannvesen vil også i framtida vere sentral for å bistå ved brann på Ona/Husøya, Sandøy og Orta.

Kommunale tenester i Nye Ålesund

I nye Ålesund vil Steinshamn framleis ha tilbod om jordmor, helsestasjon, lege, heimeteneste, omsorgsbustader med og utan heildøgnstilbod, sjukeheim, rådhusfunksjonar og andre tenester. Skule, barnehage og SFO skal vere på Huse som no. Dette går fram av intensjonsavtalen. Færre innbyggjarar vil kunne svekke grunnlaget for tenestene for resten av innbyggjarane i dagens Sandøy kommune.

Som del av nye Ålesund vil dei kommunale tenestene, og dermed arbeidsplassane, framleis vere nær brukarane. Dei tilsette i Sandøy blir ein del av eit større fagmiljø. Spesialiserte tenester vil bli tilgjengelege. Dette i samsvar med målsettinga i kommunereforma om at større kommunar skal gi betre kapasitet og kompetanse.

Viktige naturressursar og spesielle geografiske tilhøve – nye Ålesund

Sandøy kommune har 21,5 kvadratkilometer landareal. Havflata i kommunen er 985,7 kvadratkilometer. Ved ei eventuell grensejusteringa vil store havområde ikkje lengre vere del av kommunen.

Havområdet er sentralt for å arbeide fram løysingar og sikre ei berekraftig utvikling gjennom det grøne skiftet. NTNU satsar på det grøne skiftet, og samarbeider med det innovative miljøet ved Norsk Maritimt Kompetansesenter om forsking og vidareutvikling av den maritime og marine næringa. Nye Ålesund legg opp til eit samarbeid og ei satsing her.

I konkretiseringa av Intensjonsavtalen står det: Det er viktig å utnytte Sandøy kommune sin strategiske posisjon på kysten og etablerte næringskluster for t.d. turisme, maritim, marin og energinæring. Havrommet skal utviklast som ei større strategisk næring der fagmiljø for havrommet og vindenergi etablerast i Sandøy, i nært samarbeid med forskningsinstitusjonar.

Som eksempel kan vi nemne at Sandøy kommune allereie er med i eit pilotprosjekt for å lage marine grunnkart saman med kommunane sør for oss. Prosjektet er også ein del av nye Ålesund. Det er Runde Miljøsenter som koordinerer prosjektet. Prosjektet er viktig for å kunne forvalte kyst- og havområda best mogleg, gje god kunnskap om moglege kulturhistoriske verneområde, kunnskap til bruk i beredskapsformål og næringsformål.

Utbyggingsmønster

Oversikt over reguleringsplaner på Sandøya, Ona, Husøya og Seterøya:

Regulering Seterøya	12.06.2014	Kart	Føresegner	15462014001
Regulering Hytteområde Hamnevågen gbnr 3/12,263	26.05.2016	Kart	Føresegner	2015002
Sjåberget småbåthamn på Sandøya	12.06.2014	Kart	Føresegner	15462014002
Ona/Husøy	20.02.1997	Kart Ona -kart Husøy	Føresegner	15461997001
Endring Husøyvågen og kringliggande areal m/føres.	23.09.2009	Kart Teiknforklaring	Føresegner	15461997001-01
Endring Husøya - område for fritidsbustader	20.10.2011	Kart	Reg.bestemmelser Planbeskrivelse	15462011001
Endring Ona/Husøy - Husøy felt 3	20.12.2010	Kart	Føresegner	15462010003
Regulering Pe-hamna på Husøya	23.04.2015	Kart	Føresegner	2015005
Regulering Sandøy plastindustri gbnr 3/181	30.11.2017			2016005
Regulering område for fritidsbustader i Hamnevågen på Sandøya gbnr 3/176	Varsel om oppstart			

Reisetid og pendling

Dagens rutetilbod viser følgande:

- Frå Ona til Småge er reisetida 1 time og 40 minutt. Frå Ona til Finnøya er reisetida knapt 40 minutt.
- Frå Sandøya til Småge er reisetida vel 40 minutt. Frå Sandøya til Finnøya knapt 15 minutt.
- Frå Orta til Småge er reisetida 20 minutt, Frå Orta til Finnøya 25 minutt.

Frå fergekai til sentrum i kommunene/sentrale servicefunksjonar er det om lag like langt.

Øyane vil, med unntak for Orta, har kortare reisetid til sentrale servicefunksjonar i Sandøy kommune enn til Aukra kommune. Dette vil også bli tilfelle i nye Ålesund. Ei eventuell omlegging av fergeruta vil kunne endre noko på dette. Den fysiske avstanden frå Ona/Husøya og Sandøya er uansett kortast til Finnøya.

Fylkesstatistikk 2017 viser at det er hovedvekt av pendling ut av kommunen sørover: 25 reiser sørover, 18 nordover, derav 22 til Ålesund/Haram og 16 til Molde/Aukra. Det er også hovedvekt av pendling inn til kommunen frå sør: 51 kjem frå sør, 23 frå nord, derav 32 frå Ålesund/Haram, og 8 frå Molde/Aukra.

Viktigast vil her vere inn- og utpendling frå område som er aktuelt for grensejustering.

Slik vi kjenner til det, er det fleire som pendlar til Finnøy/Harøy enn til Aukra.

- Mellom 5 -10 til Finnøy/Harøy
- Under 5 til Aukra/Molde

Anna

Overordna økonomiske effektar, dvs effekt på frie inntekter:

- Effekten av 67 færre personar fordelt på aktuelle aldersgrupper gir om lag 1 mill. kroner i mindre frie inntekter. (Folketalet er truleg noko lågare i dag.)

Utlikna skatt (jf. effekt av inntektssystemet):

- Effekten av bortfall av skatteinntekter er beregna til 0,6 mill. kroner. (usikkert anslag)

Sandøy kommune fekk om lag 330 000 kroner i eigendomsskatt frå øyene i 2017.

Det blir også tapt inntekstkilde frå havbruksfondet. I 2017 var det 43 000 kroner.

Vedlegg 11

Fra: Göncz, Geir Janos[geir.goencz@aukra.kommune.no]

Dato: 14. des 2017 11.58.52

Til: Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Kopi: Vigdis Rotlid Vestad, Riksford, Bernhard; Rimstad, Ingrid Husøy

Tittel: om grensejustering i Sandøy kommune - faktagrunnlag

Fylkesmannen ber i brev datert 21.11.17 om supplering av faktaopplysninga i samband med utgreiing av grensejustering mellom kommunane Aukra og Sandøy.

Vedlagte rapport med faktaopplysninga fangar opp det vesentlege av faktagrunnlaget i saka. Aukra kommune har ikkje ytterlegare opplysningar/fakta om dei tema som vert omtala i rapporten.

Om det er ønske om særskilte opplysningar utover dei tema som er omtala i rapporten frå Aukra kommune så hører vi frå dykk.

Geir J. GÖNCZ / Kommunalråd

Telefon direkte 71 17 15 06

Mobil 979 87 909

Telefon sentralbord 71 17 15 00

Postadresse Nyordvegen 12, 6480 Aukra

www.aukra.kommune.no



Aukra kommune



Nye Ålesund kommune
Haram - Sandøy - Skodje - Ørskog - Ålesund

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Postboks 2520
6404 Molde

Supplering av faktaopplysningar frå nye Ålesund til pågåande utgreiing om mogleg grensejustering i Sandøy kommune

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har bedt om supplering av faktaopplysningar i samband med pågående utgreiling av mogleg grensejustering mellom kommunane Sandøy og Aukra, nærmere bestemt øyane Ona, Orten, Sandøy, Lyngværet, Seterøya og Gåsøya.

Sandøy kommune har supplert med faktaopplysningar i eige brev sendt 18.12.17, nye Ålesund støttar innhaldet i brevet frå Sandøy kommune, som også ligg som vedlegg.

Fylkesmannen har i tillegg bedt nye Ålesund kommune v/fellesnemnda om å gjere greie for fakta på område det er naturleg at den nye kommunen uttalar seg. Nye Ålesund gjer dette ved å kort oppsummere innhaldet i faktaopplysningane i brevet frå Sandøy kommune, samt å framheve utvalde faktaopplysningar som er særleg viktige for den nye kommunen.

Kommunalt tenestetilbod for innbyggjarane i det aktuelle området

Ei mogleg grensejustering omfattar 4-5 % av innbyggjarane i Sandøy kommune (rundt 60 innbyggjarar). Inndelingslova viser til at endringar i kommuneinndelinga bør medverke til å skape formålstenlege einingar som kan gi innbyggjarane og næringslivet tilfredsstillande tenester og forvaltning. Faktaopplysningar om det kommunale tenestetilbodet i dag i det aktuelle området, og kommunale tenester i nye Ålesund er difor viktige:

Det kommunale tenestetilbod i dag:

- Helse- og omsorgstenester blir i hovudsak gitt på Harøya. Innbyggjarar på dei aktuelle øyene har historisk sett vore prioriterte ved tildeling av tenester for å sikre tryggleik og stabilitet.
- Skulebarn frå Sandøy går på skule på Harøya. Desse har dekt skuleskyss. Båten Øyvon blir brukt til frakt av skuleborn ved driftsstans etc. i hht. beredskapsplan.
- Kulturmidlar og næringsstøtte frå næringsfondet støttar tiltak i heile kommunen. Til dømes har forsamlingshuset Stormly på Ona fått støtte.
- Etter det ein kjenner til er Sandøy kommune, inklusiv øyene sjølve, retningsval for kultur- og fritidsaktivitetar for befolkninga i det aktuelle området.
- Øyene har sentrale kulturminne som Steffogarden og Sandøy kyrkje.
- Sandøy kyrkje og kyrkjegard/gravplass blir nytta av pårørande frå Finnøya.
- Dette blir gjort tilpassingar til ferjeavgangane ved arrangement.



- Ved politiske møte og folkemøte, blir det avtalt særleg skyss ved behov for innbyggjarar på øyene.
- Kommunen leverer vatn til Sandøya, Ona og Husøya. Det ligg sjøledning frå Finnøya, via Sandøya til Husøya. Vasstårnet på Sandøya og hydroforanlegget på Husøya blir tekne ut av bruk når høgdebassenget på Myklebust/Harøya er ferdig.
- Kommunen har ansvar for vegar på alle øyene. På Ona/Husøy og Sandøya er det mest fylkesvegar.
- Det er kommunale kaier, og særleg på Orta er det brukt mykje midlar på reparasjon og vedlikehald av ambulansekai/flytebrygge. Den er ikkje i funksjon for tida.
- Det er bygd kommunale avløpsanlegg på Ona og Husøya seinare år.
- Det er branndepot på Sandøya og Ona/Husøya. På Sandøya er det tre deltidstilsette «depotmannskap». Det er utarbeidd brannsikringsplan som krev øvingar, og det er montert nye brannpostar og brannalarmar.

Kommunale tenester i nye Ålesund:

- I nye Ålesund vil Steinhamn framleis ha tilbod om jordmor, helsestasjon, lege, heimeteneste, omsorgsbustader med og utan heildøgnspiele, sjukeheim, rådhusfunksjonar og andre tenester. Skule, barnehage og SFO skal vere på Huse som no. Dette går fram av intensjonsavtalen.
- Som del av nye Ålesund vil dei kommunale tenestene, og dermed arbeidsplassane, framleis vere nær brukarane.
- Dei tilsette i Sandøy blir ein del av eit større fagmiljø i nye Ålesund. Spesialiserte tenester vil bli tilgjengelege for innbyggjarane. Dette i samsvar med målsettinga i kommunereforma om at større kommunar skal gi betre kapasitet og kompetanse.

Reisetid og pendling

- Øyene, med unntak for Orta, har kortare reisetid til sentrale servicefunksjonar i dag, og også vil få det i nye Ålesund, enn til Aukra kommune. Den fysiske avstanden frå Ona/Husøya og Sandøya er uansett kortast til Finnøya.
- Fylkesstatistikk 2017 viser at det er hovudvekt av pendling inn/ut av kommunen frå/mot sør, både i kommunen i det aktuelle området (små tal).

Viktige naturressursar og spesielle geografiske tilhøve – nye Ålesund

Sjølv om ei mogleg grensejustering omfattar 4-5 % av innbyggjarane i Sandøy kommune, omfattar det over 40 % av landareal og havområde. Sandøy kommune har 21,5 kvadratkilometer landareal og 985,7 kvadratkilometer havareal. Ved ei mogleg grensejustering vil store havområde ikkje lengre vere del av kommunen.

Havområdet er sentralt for å arbeide fram løysingar og sikre ei berekraftig utvikling gjennom det grøne skiftet. NTNU satsar på det grøne skiftet, og samarbeider med det innovative



Nye Ålesund kommune

Haram · Sandøy · Skodje · Ørskog · Ålesund

miljøet ved Norsk Maritimt Kompetansesenter om forsking og vidareutvikling av den maritime og marine næringa. Nye Ålesund legg opp til eit samarbeid og ei satsing her.

I konkretiseringa av Intensjonsavtalen står det: Det er viktig å utnytte Sandøy kommune sin strategiske posisjon på kysten og etablerte næringskluster for t.d. turisme, maritim, marin og energinæring. Havrommet skal utviklast som ei større strategisk næring der fagmiljø for havrommet og vindenergi etablerast i Sandøy, i nært samarbeid med forskingsinstitusjonar.

Som eksempel kan vi nemne at Sandøy kommune allereie er med i eit pilotprosjekt for å lage marine grunnkart saman med kommunane sør for oss. Prosjektet er også ein del av nye Ålesund. Det er Runde Miljøsenter som koordinerer prosjektet. Prosjektet er viktig for å kunne forvalte kyst- og havområda best mogleg, gje god kunnskap om moglege kulturhistoriske verneområde og kunnskap til bruk i beredskapsformål og næringsformål.

Økonomiske konsekvensar av ei eventuell grensejustering

- Bortfall av 67 innbyggjarar i kommunen frå dei aktuelle øyane, reduserer dei frie inntektene med om lag 1 mill. kroner (innbyggjartalet under endring).
- Bortfall av skatteinntekter frå dei aktuelle øyane er berekna til om lag 0,6 mill. kroner (noko usikkert tal).
- Bortfall av eigedomskatt frå dei aktuelle øyane er berekna til om lag 330.000 kroner (eigedomskatt i 2017).
- Havbruksfondet er i dag på 43.000 kroner, og er forventa å mangedoble seg på få år. Bortfall av det aktuelle området, vil redusere muligheten for denne veksten.

Desse negative økonomiske konsekvensane for Sandøy kommune omtalt over, følgjer også med til nye Ålesund.

Det må til slutt nemnast at ei mogleg grensejustering også har ei kostnadsside i prosjektarbeidet både økonomisk og ressursmessig. Nye Ålesund er ei av dei største kommunenesamslåingane i landet, vi har lite kapasitet til å samtidig handtere ei grensejustering. Denne kostnadssida må også bli teke med i ei heilskapleg vurdering.

Med helsing

Eva Vinje Aurdal

Leiar av fellesnemnda for nye Ålesund

Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Faktagrunnlag i samband med utgreiing av muleg grensejustering i Sandøy

Eg viser til brev om innhenting av faktagrunnlag frå Sandøy og Aukra kommunar. Me har nokre opplysningar/kommentarar til enkelte punkt.

Pendling :

I dag er det 6 personar frå «småøyane» som pendlar til Finnøya/Harøya, (både heiltid og deltidsarbeid) 1 person pendlar til Molde, og 1 person pendlar både innan kommunen og ut.

4 av desse er «dagpendlarar».

Bruk av kommunale tenestetilbud :

Det er ikkje tilbud på Orta, Sandøya og Ona for dei som treng omsorg og pleie. Dei som har slike behov må flytte til Harøya, der det er trygdeboligar og sjukeheim.

Foreningar :

2 velforeningar

6 småbåtlag fordelt på 5 hamner

3 grendahus

Sandøy kailag - Sandøy kvinne og familieforbund - Steffogardens venner

Retningsvalg ved bruk av kultur og fritidsaktivitetar:

Det er ein god del arrangement på «småøyane» gjennom året. Folk deltar på ting som foregår på Finnøya og Harøya dersom desse er lagt til tider som passar med fergerutene. Ellers er kulturtilbuddet i Molde og omegn med konserter, teater, kino etc. mykje benytta.

Grenselinje mot nye Ålesund :

Me meinar grenselinja bør gå vestom Kvaløya, slik me foreslo i søknaden vår om utgreiing. Dette fordi Kvaløya tilhøyrer grunneigar/næringsdrivande på Sandøya, og at det difor er heilt naturleg at den følger med til Aukra ved ei grensejustering.

Ona 16.12.2017

Med helsing

På vegne av søkarane frå Orta, Sandøya og Ona

Oddgeir Viken

Fra: Oddgeir Viken[oddgeir.viken@gmail.com] Dato: 4. jan 2018 10.30.08 Til: Vigdis Rotlid Vestad
Tittel: Grensejustering i Sandøy - kommunens sitt faktagrunnlag
Hei.

Eg har lese Sandøy kommune sitt faktagrunnlag til arbeidet med utgreiing om grensejustering, og kan ikkje dy meg for å komme med kommentarar til punktet som gjeld reisetid og pendling.

Det er plukka litt tilfeldig frå ruteheftet her ser eg.

Det er oppgitt at reisetid Ona- Småge er 1 time og 40 min, medan Sandøya- Småge tar 40 min ?

Dersom ein tek første ferga frå Ona på mandag - fredag (som er aktuell for dagpendling til Aukra/Molde), er reisetida Ona - Småge 1 time og 20 minutt, med anløp av Sandøya og Finnøya på veg innover.

På første ferga frå Småge - Ona på mandag- fredag er reisetida 40 minutt.

Med helsing
Oddgeir Viken



**FYLKESMANNEN
I MØRE OG ROMSDAL**

Saksbehandlar, innvalstelefon

seniorrådgivar Vigdis Rotlid Vestad, 71 25 84 47

Vår dato

21.12.2017

Dykkar dato

Vår ref.

2017/6248/FMMRVIVE/310

Dykkar ref.

Sandøy kommune

Steinshamnvegen 112

6487 HARØY

Informasjon om innbyggarhøyring i veke 3 og 4 i 2018 - øyane Sandøy, Ona, Orten m. fl. i Sandøy kommune

Fylkesmannen vil med dette infoskrivet gjere greie for telefonundersøkinga som skal gjennomførast i samband med vår utgreiing av grensejustering. Dette gjeld mogleg grensejustering av øyane Sandøy, Ona og Orten i Sandøy kommune over til Aukra kommune. I høve søknaden til Liv Tove Lyngvær for øyane Gåsøya, Lyngværet og Seterøya er det ingen fastbuande – difor inga telefonundersøking til denne sokargruppa.

Opinion AS vil på oppdrag frå Fylkesmannen gjennomføre telefonundersøkinga.

Sandøy kommune fekk oppdraget med å samle inn telefonnummer til alle innbyggjarar over 16 år på øyane Sandøy, Ona og Orten. Alle tilgjengelege telefonnummer frå denne lista vil bli ringt opp inntil 10 gonger.

Det vil i telefonundersøkinga bli stilt eitt hovudspørsmål med tre svaralternativ.

Resultatet frå telefonundersøkinga vil være klart i veke 6, og blir då sendt over til kommunen og søkerane for Sandøy, Ona og Orten. Søkerane for øyane Gåsøya, Lyngværet og Seterøya vil også bli informert.

Fylkesmannen vil i løpet av veke 1 sende faktagrunnlaget omkring grensejusteringa til Sandøy kommune med kopi til representant for innbyggjarane.

Vi oppmodar kommunen om å legge ut all informasjon om utgreiinga/telefonundersøkinga av grensejusteringa på sine heimesider, og synleggjere for innbyggjarane kva slags telefonnummer som ringer dei opp i undersøkinga. Fylkesmannen legg også ut aktuell informasjon på våre [heimesider](#).
Sjå viktig informasjon i vedlegget

Med helsing

Rigmor Brøste
ass. fylkesmann

Vigdis Rotlid Vestad

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg:

1 VIKTIG INFORMASJON

Kopi:

Oddgeir Viken	Onagarden 10	6483	ONA
Liv Tove Lyngvær	Amtmanns Leths gt. 11	6413	MOLDE

VIKTIG INFORMASJON

Telefonundersøking om grensejustering for øyane Sandøy, Ona og Orten

- Faktainformasjon sendes fra Fylkesmannen til kommunen og søker i løpet av **veke 1, 2018**
- Tidsrom for oppringning: **Veke 3 og 4 i 2018** (frå 15. jan. til og med 27. januar)
- Opinion AS vil ringe frå dette telefonnummeret: **61 40 01 09**
- **Tidsrom for ringetider:**
 - Normalt på kvardagar måndag - torsdag: kl. **16.00 til 22.00**
 - **Fredag: kl. 16.00 til 20.00**
 - **Laurdag: kl. 13.00 til 18.00**
- Det vil bli spurta om kjønn og alder
- Svaret til den som blir oppringt er anonymt
- Hovudspørsmål:
Kva kommune meiner du at Sandøy, Ona og Orten skal høyre til i framtida?
 - **Bli i Sandøy kommune (nye Ålesund kommune)**
 - **Overflytting til Aukra kommune**
 - **Anna**



Opinion:

Innbyggerundersøkelse ifm grensejustering

Gjennomført for Fylkesmannen i Møre og Romsdal



Levert 06.02.18



Henrik Høidahl, Opinion

Prosjektinformasjon

Oppdragsgiver	Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Kontaktperson	Vigdis Rotlid Vestad, Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Formål	Innbyggerundersøkelse i forbindelse med grensejustering
Metode	Kvantitativ, telefonundersøkelse, alle tilgjengelige telefonnummer er ringt (ved ikke-svar er det ringt inntil 10 ganger for å få med så mange som mulig)
Utvalgsområde/univers	Innbyggere i berørte kretser, 16 år og eldre
Antall intervju per område (n=)	Indre Gjemnes (n=440), Norddal og Eidsdal (n=315), Liabygda (n=128), Bjørke og Viddal (n=93), Sandøy, Ona/Husøy og Orten (n=53)
Feltperiode	15. – 30. januar 2018
Ansv. konsulent i Opinion	Henrik Høidahl, seniorrådgiver, hh@opinion.no , tlf. 992 61 015

Resultater

1. Angvik, Flemma, Fagerlia og Øye/Heggem (indre Gjemnes); svarprosent: 82

Kva kommune meiner du at Angvik, Flemma, Fagerlia og Øye/Heggem skal høyre til i framtida?

BASE, antall gjennomførte intervju (n=)	440
Bli i Gjemnes kommune	36%
Overflytting til nye Molde kommune	57%
Veit ikkje	7%

2. Norddal og Eidsdal; svarprosent: 77

Kva kommune meiner du at Norddal og Eidsdal skal høyre til i framtida?

BASE, antall gjennomførte intervju (n=)	315
Bli i Norddal kommune (Fjord kommune frå 1.1.2020)	26%
Overflytting til Stranda kommune	57%
Veit ikkje	17%

3. Liabygda; svarprosent: 75

Kva kommune meiner du at Angvik, Flemma, Fagerlia og Øye/Heggem skal høyre til i framtida?

BASE, antall gjennomførte intervju (n=)	128
Bli i Stranda kommune	68%
Overflytting til nye Fjord kommune	27%
Veit ikkje	5%

Desimalavrunding gjør at sum kan bli 99% eller 101%

4. Bjørke og Viddal; svarprosent: 92

Kva kommune meiner du at Bjørke og Viddal skal høyre til i framtida?

BASE, antall gjennomførte intervju (n=)	93
Bli i Ørsta kommune	56%
Overflytting til nye Volda kommune	41%
Veit ikkje	3%

5. Sandøy, Ona/Husøy og Orten; svarprosent: 96

Kva kommune meiner du at Sandøy, Ona/Husøy og Orten skal høyre til i framtida?

BASE, antall gjennomførte intervju (n=)	53
Bli i Sandøy kommune (nye Ålesund kommune)	13%
Overflytting til Aukra kommune	85%
Veit ikkje	2%

Uthevede prosenttall:

Ved beregning av konfidensintervall* per område: Det er flertall for ...

- 1) Overflytting til Molde kommune
- 2) Overflytting til Stranda kommune
- 3) Bli i Stranda kommune
- 4) Bli i Ørsta kommune
- 5) Overflytting til Aukra kommune

* 95 % signifikansnivå. Et konfidensintervall er en måte å angi feilmarginen av en måling eller en beregning på. Det angir intervallet som med en spesifisert sannsynlighet inneholder den sanne (men vanligvis ukjente) verdien av variabelen man har målt.

Angvik, Flemma, Fagerlia og Øye/Heggem (indre Gjemnes)

Angvik, Flemma, Fagerlia og Øye/Heggem (indre Gjemnes)


Innledning til telefonundersøkelsen:

- God dag/kveld. Mitt namn er NN. Eg ringer på vegne av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har bedt Fylkesmannen om å utgjeie ein søknad om grensejustering for bygdene Angvik, Flemma, Fagerlia og Øye/Heggem i indre Gjemnes over til nye Molde kommune. I samband med dette ynskjer Fylkesmannen å høyre kva innbyggjarane meiner. Du vil få eit spørsmål som inneholder 3 svaralternativ, men først vil vi opplyse følgande:
- Kommunane Molde, Nesset og Midsund slår seg saman til nye Molde kommune frå 1.1.2020.
- Ei eventuell grensejustering vil gjelde frå 1.1.2020.


Svar:

- Bruttoutvalg: 536
- Antall svar: 440
- Svarprosent: 82%

Kjønn



Alder




Desimalavrunding gjør at sum kan bli 99% eller 101%

Angvik, Flemma, Fagerlia og Øye/Heggem (indre Gjemnes)

Kva kommune meiner du at Angvik, Flemma, Fagerlia og Øye/Heggem skal høyre til i framtida?

Base: n=440



Desimalavrunding gjør at sum kan bli 99% eller 101%

	Mann	Kvinne	16-29 år	30-44 år	45-59 år	60 år+
Base	234	206	90	80	61	209
1	36%	35%	32%	29%	25%	43%
2	57%	58%	58%	66%	74%	49%
3	7%	7%	10%	5%	2%	8%

Konfidensintervall/feilmargin på totalnivå (n=440)*:

- 1: +/- 1,9 prosentpoeng (34,1 % - 37,9 %)
- 2: +/- 2,0 prosentpoeng (55,0 % - 59,0 %)
- 3: +/- 1,0 prosentpoeng (6,0 % - 8,0 %)

* 95 % signifikansnivå. Et konfidensintervall er en måte å angi feilmarginen av en måling eller en beregning på. Det angir intervallet som med en spesifisert sannsynlighet inneholder den sanne (men vanligvis ukjente) verdien av variabelen man har målt.

Norddal og Eidsdal

Norddal og Eidsdal


Innledning til telefonundersøkelsen:

- God dag/kveld. Mitt namn er NN. Eg ringer på vegne av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har bedt Fylkesmannen om å utgreie ein søknad om grensejustering for bygdene Norddal og Eidsdal over til Stranda kommune. I samband med dette ynskjer Fylkesmannen å høre kva innbyggjarane meiner. Du vil få eit spørsmål som inneholder 3 svaralternativ, men først vil vi opplyse følgande:
 - Kommunane Norddal og Stordal slår seg saman til nye Fjord kommune frå 1.1.2020.
 - Ei eventuell grensejustering vil gjelde frå 1.1.2020.


Svar:

- Bruttoutvalg: 407
- Antall svar: 315
- Svarprosent: 77%

Kjønn



Alder




Desimalavrunding gjør at sum kan bli 99% eller 101%

Norddal og Eidsdal

Kva kommune meiner du at Norddal og Eidsdal skal høyre til i framtida?

Base: n=315




	Mann	Kvinne	16-29 år	30-44 år	45-59 år	60 år+
Base	151	164	69	37	59	150
1	25%	27%	28%	32%	29%	23%
2	64%	51%	52%	54%	56%	61%
3	11%	21%	20%	14%	15%	16%

Konfidensintervall/feilmargin på totalnivå (n=315)*:

- 1: +/- 2,3 prosentpoeng (23,7 % - 28,3 %)
- 2: +/- 2,7 prosentpoeng (54,3 % - 59,7 %)
- 3: +/- 2,0 prosentpoeng (15,0 % - 19,0 %)

* 95 % signifikansnivå. Et konfidensintervall er en måte å angi feilmarginen av en måling eller en beregning på. Det angir intervallet som med en spesifisert sannsynlighet inneholder den sanne (men vanligvis ukjente) verdien av variabelen man har målt.



The background of the image consists of a grid of overlapping rectangles in shades of red and orange. The rectangles vary in size and position, creating a layered effect. The overall composition is abstract and minimalist.

Liabygda

Liabygda


Innledning til telefonundersøkelsen:

- God dag/kveld. Mitt namn er NN. Eg ringer på vegne av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har bedt Fylkesmannen om å utgreie ei evt. grensejustering av Liabygda over til nye Fjord kommune. I samband med dette ynskjer Fylkesmannen å høre kva innbyggjarane meiner. Du vil få eit spørsmål som inneholder 3 svaralternativ, men først vil vi opplyse følgande:
- Kommunane Norddal og Stordal slår seg saman til nye Fjord kommune frå 1.1.2020.
- Ei eventuell grensejustering vil gjelde frå 1.1.2020.


Svar:

- Bruttoutvalg: 171
- Antall svar: 128
- Svarprosent: 77%

Kjønn



Alder




Desimalavrunding gjør at sum kan bli 99% eller 101%

Liabygda

Kva kommune meiner du at Liabygda skal høyre til i framtida?


Base: n=128



Konfidensintervall/feilmargin på totalnivå (n=128)*:

- 1: +/- 4,1 prosentpoeng (63,9 % - 72,1 %)
- 2: +/- 3,9 prosentpoeng (23,1 % - 30,9 %)
- 3: +/- 1,9 prosentpoeng (3,1 % - 6,9 %)

* 95 % signifikansnivå. Et konfidensintervall er en måte å angi feilmarginen av en måling eller en beregning på. Det angir intervallet som med en spesifisert sannsynlighet inneholder den sanne (men vanligvis ukjente) verdien av variabelen man har målt.



Bjørke og Viddal

Bjørke og Viddal


Innledning til telefonundersøkelsen:

- God dag/kveld. Mitt namn er NN. Eg ringer på vegne av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har bedt Fylkesmannen om å utgreie ein søknad om grensejustering av bygdene Bjørke og Viddal over til nye Volda kommune. I samband med dette ynskjer Fylkesmannen å høyre kva innbyggjarane meiner. Du vil få eit spørsmål som inneholder 3 svaralternativ, men først vil vi opplyse følgande:
 - Volda og Hornindal slår seg saman til nye Volda kommune frå 1.1.2020.
 - Ei eventuell grensejustering vil gjelde frå 1.1.2020.


Svar:

- Bruttoutvalg: 101
- Antall svar: 93
- Svarprosent: 92%

Kjønn



Alder




Desimalavrunding gjør at sum kan bli 99% eller 101%

Bjørke og Viddal

Kva kommune meiner du at Bjørke og Viddal skal høyre til i framtida?

Base: n=93



Desimalavrunding gjør at sum kan bli 99% eller 101%

	Mann	Kvinne	16-29 år	30-44 år	45-59 år	60 år+
Base	44	49	21	12	11	49
1	48%	63%	29%	42%	73%	67%
2	48%	35%	67%	58%	27%	29%
3	5%	2%	5%	-	-	4%

Konfidensintervall/feilmargin på totalnivå (n=93)*:

- 1: +/- 2,8 prosentpoeng (53,2 % - 58,8 %)
- 2: +/- 2,8 prosentpoeng (38,2 % - 43,8 %)
- 3: +/- 1,0 prosentpoeng (2,0 % - 4,0 %)

* 95 % signifikansnivå. Et konfidensintervall er en måte å angi feilmarginen av en måling eller en beregning på. Det angir intervallet som med en spesifisert sannsynlighet inneholder den sanne (men vanligvis ukjente) verdien av variabelen man har målt.



Sandøy, Ona/Husøy og Orten

Sandøy, Ona/Husøy og Orten


Innledning til telefonundersøkelsen:

- God dag/kveld. Mitt namn er NN. Eg ringer på vegne av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har bedt Fylkesmannen om å utgreie ein søknad om grensejustering for øyane Sandøy, Ona/Husøy og Orten over til Aukra kommune. I samband med dette ynskjer Fylkesmannen å høre kva innbyggjarane meiner. Du vil få eit spørsmål som inneholder 3 svaralternativ, men først vil vi opplyse følgande:
- Kommunane Sandøy, Haram, Ålesund, Skodje og Ørskog slår seg saman til nye Ålesund kommune frå 1.1.2020.
- Ei eventuell grensejustering vil gjelde frå 1.1.2020.


Svar:

- Bruttoutvalg: 55
- Antall svar: 53
- Svarprosent: 96%

Kjønn



Alder




Desimalavrunding gjør at sum kan bli 99% eller 101%

Sandøy, Ona/Husøy og Orten

Kva kommune meiner du at Sandøy, Ona/Husøy og Orten skal høyre til i framtida?

Base: n=53



Desimalavrunding gjør at sum kan bli 99% eller 101%

	Mann	Kvinne
Base	22	31
1	18%	10%
2	77%	90%
3	5%	

Små baser gjør at vi ikke inkluderer aldersgrupper.


Konfidensintervall/feilmargin på totalnivå (n=53)*:

- 1: +/- 1,7 prosentpoeng (11,3 % - 14,7 %)
- 2: +/- 1,8 prosentpoeng (83,2 % - 86,8 %)
- 3: +/- 0,7 prosentpoeng (1,3 % - 2,7 %)

* 95 % signifikansnivå. Et konfidensintervall er en måte å angi feilmarginen av en måling eller en beregning på. Det angir intervallet som med en spesifisert sannsynlighet inneholder den sanne (men vanligvis ukjente) verdien av variabelen man har målt.



INNSIKT SOM BRINGER DEG VIDERE



A photograph showing a person from the side, wearing a dark jacket over a light-colored shirt. They are seated at a desk, looking down at a laptop computer. The background is slightly blurred, suggesting an office or study environment.

Opinion AS
Vulkan 16
0178 OSLO
T: 21 300 400
E: post@opinion.no
www.opinion.no

Q1_Sandoey_mfl

Du vil få eit spørsmål som inneheld 3 svaralternativ, men først vil vi opplyse følgande:

Kommunane Sandøy, Haram, Ålesund, Skodje og Ørskog slår seg saman til nye Ålesund kommune frå 1.1. 2020. Ei eventuell grensejustering vil gjelde frå 1.1. 2020

Kva kommune meiner du at Sandøy, Ona/Husøy og Orten skal høyre til i framtida?

TIL INTERVJUER: LES OPP ALTERNATIVENE INKLUDERT VET IKKE.

	TOTAL	Kjønn	
		Mann	Kvinne
BASE	53	22	31
Bli i Sandøy kommune (nye Ålesund ko)	13%	18%	10%
Overflytting til Aukra kommune	85%	77%	90%
Veit ikkje (SKAL LESES OPP)	2%	5%	
TOTAL	100%	100%	100%

Q2

Registrer kjønn uten å spørre om det

	TOTAL	Kjønn	
		Mann	Kvinne
BASE	53	22	31
Mann	42%	100%	
Kvinne	59%		100%
TOTAL	100%	100%	100%

Q3

Hvor gammel er du?

	TOTAL	Kjønn	
		Mann	Kvinne
18 år og under	10%		
19-24	20%		
25-34	27%		
35-44	21%		
45-54	15%		
55-64	7%		
65 og eldre	3%		